

ARKIVKATALOG

FOR

AUSTEVOLL KOMMUNE

1886 – 1963
(1837 – 1986)

INTERKOMMUNALT ARKIV I HORDALAND 1999

INNHALD

	Side
KAPITTEL 1: INTRODUKSJON TIL ARKIVKATALOGEN	
1.1 Innleiing	1
1.2 Arkivfagleg rettleiing	1
1.2.1 Nokre arkivfaglege termar	1
1.2.2 Ordning og registrering av arkiva	2
1.2.3 Norsk allment arkivskjema	2
1.2.4 Klausulert materiale i kommunale arkiv	3
1.2.5 Bruk av kommunale arkivsaker	3
1.2.6 Korleis finna fram i arkiva	4
KAPITTEL 2: ADMINISTRASJONSHISTORISK OVERSYN OG ARKIVOMTALE	
2.1 Austevoll kommune	7
2.2 Valstyre m/underorgan	9
2.3 Formannskap og herads/kommunestyre	10
2.4 Soknekommunane	12
2.5 Heradskassen/kommunekassen, soknekassane	13
2.6 Likningskommisjon, likningsnemnd, likningskontor	15
2.7 Skulekommisjon, skulestyre	17
2.8 Skulekrinsane / Barneskulane	18
2.9 Fattigkommisjon, fattigstyre, forsorgstyre, sosialstyre	20
2.10 Tilsynsmannen for Riksforsikringsanstalten	21
2.11 Fiskarmanntalsnemnda	22
2.12 Krinssjukekassen / Trygdekassen	22
2.13 Alderstrygdnemnda, Barnetrygdnemnda	23
2.14 Småbruk- og bustadnemnda. Husnemnda	24
2.15 Jorstyre, Næringsnemnda	25
2.16 Skogutval. Skogråd	26
2.17 Overformynderi	27
2.18 Provianteringsrådet	28
2.19 Forsyningsnemnda	29
KAPITTEL 3: ARKIVLISTER	
Oversynsliste	30
Arkivlister:	
011 Austevoll valstyre	38
021 Austevoll formannskap	40
121 Austevoll heradskasse	76
122 Møkster soknekommunekasse	84
122.1 Møkster sokn skulekasse	88
122.2 Møkster sokn fattigkasse	92
122.3 Møkster soknkyrkjekasse	92
122.4 Møkster sokn vegkasse	93

123	Austevoll soknekommunekasse	94
123.1	Austevoll sokn skulekasse	97
123.2	Austevoll sokn fattigkasse	98
123.3	Austevoll sokn kyrkjekasse	99
141	Austevoll likningskontor	100
142	Austevoll likningskommisjon/likningsnemnd	101
142.1	Austevoll sokn likningnemnd	105
142.2	Møkster sokn likningnemnd	109
211	Austevoll skulestyre	115
	Austevoll skuleråd	
	Arbeidsutval for Austevoll skulestyre	
	Eksamensnemnda	
217	Samstyre for skuleboksamlingane	123
231	Barneskulane i Austevoll kommune	125
261	Trolandshamar framhaldsskule	137
263	Yrkesskuleklassane i Austevoll	139
265	Austevoll kommunale realskule	140
275	Austevoll folkeboksamling	142
311	Austevoll fattigstyre	143
317	Austevoll husmorvikarnemnd	153
351	Tilsynsmannen for rikstrygdeverket	154
352	Austevoll fiskarmanntalsnemnd	155
353	Austevoll krinssjukekasse/trygdekasse	156
354	Austevoll alderstrygdnemnd	173
355	Austevoll barnetrygdnemnd	174
361	Austevoll arbeidsformidling	176
411	Austevoll helseråd	177
416	Møkster tannrøktnemnd	178
572	Austevoll og Nordre Fitjar Kraftlag	179
611	Austevoll småbruks- og bustadnemnd	180
621	Austevoll jordstyre	181
626	Austevoll skogråd	188
633	Austevoll innlandsfiskarnemnd	191
711	Austevoll samferdselsnemnd	192
812	Austevoll overformynderi	193
841	Austevoll forsyningsnemnd	196
824	Kommunal oppgjersnemnd foir krigsskade	197

KAPITTEL 1. INTRODUKSJON TIL ARKIVKATALOGEN

1. INNLEIING

Denne katalogen gjev oversikt over innhaldet i arkivet etter Austevoll kommune i tidsrommet 1886 – 1963. Det er registrert nokre få arkivstykke i tidsrommet 1837 – 1885 og etter 1963 er det i nokre få seriar teke med arkivstykke like fram til 1986, slik at dei endelege ytteråra for arkivet er 1837 – 1986.

Storparten av arkivet har tidlegare vore plassert i kommunehuset i Austevoll. Ein gong i 1980-åra hadde mykje av dette vorte flytta over frå Bakholmen. Det eldste saksarkivet til formannskapet og soknestyra vart funne i kaos i sekker og kassar. Det same kan seiast om rekneskapsmaterialet. Der fanst årsrekneskapa m/bilag etter 10 arkivskaparar i eit tidsrom på om lag 50 år i eit lausrive kaos.

Mykje av arkivet har vore teke hand om i private heimar. Det er gjort eit stort arbeid av kultur- og skulekontoret i Austevoll med å samla inn alle desse einskildarkiva.

I 1987 vart om lag halvparten av det no ferdig ordna arkivet henta inn til Interkommunalt arkiv i Hordaland for ordning og registrering. Resten har kome til etter kvart. Det er registrert mottak av arkiv frå Austevoll kommune i 1993, 1996, 1997, 1998 og 1999.

Ordninga av arkivet starta i 1987, og har meir og mindre vore under ordning i 12 år, til siste bitane fall på plass i 1999. I dette tidsrommet har fylgjande personar ordna og registrert arkivet: Reidun Kløkkersund, Cecilie Skauge Knoph, Gudmund Valderhaug, Anne Hilde Nagel, Randi Kruger og Åse Eikemo Strømme.

I februar 1999 låg arkivlistene over den enkelte arkivskapar og arkivseriane endeleg føre, saman med oversynsliste over alle arkivskaparane, arkivseriane og antal arkivstykke.

Arkivkatalogen, slik den her vert presentert, vart ferdiggjort i februar 1999. Arkivet er inntil vidare deponert hjå Interkommunalt arkiv i Hordaland med 36 hyllemeter. Det vil seinare verta tilbakeført til fjernarkivet i rådhuset i Austevoll kommune.

1.2 ARKIVFAGLEG RETTLEIING

1.2.1 Nokre arkivfaglege termar

I arkivkatalogen har vi nytta vanleg arkivfagleg terminologi, og vi skal her kort gjere greie for dei viktigaste omgrepa vi har brukt.

Ein **arkivskapar** er ei administrativ eller forretningsmessig eining, ein organisasjon eller person som skaper eller har skapt arkiv gjennom verksemda si. I kommunal forvaltning kan t.d. folkevalde organ, etatar, kontor, skular og institusjonar opptre som arkivskaparar.

Eit **arkiv** inneheld det materialet (t.d. protokollar og dokument) som er skapt av eller har kome inn til ein arkivskapar, og er samla som ein lekk i verksemda til arkivskaparen. Arkivet vil difor gi eit spegelbilete av arkivskaparen si verksemd.

Dei einskilde arkiva vil vere delt inn i **arkivseriar**. Ein arkivserie er ein del av eit arkiv som er ordna etter eit eige system, har ein eigen funksjon eller eit spesielt innhald. Norsk ålment arkivskjema gir eit oversyn over dei viktigaste arkivseriane og gir ein standard for rekkjefølgja for seriane i eit arkiv. Vi viser elles til innhaldsregisteret.

Arkivseriane vil vere delt i **arkivstykke**. Eit arkivstykke er ei fysisk eining i ein arkivserie, vanlegvis ein arkivboks eller ein protokoll.

1.2.3 Ordning og registrering av arkiva

Ein grunnleggjande regel for all arkivordning er at vi skal følgje *proveniensprinsippet* (*opphavsprinsippet*). Dette betyr at arkiv som er skapt av ein arkivskapar skal haldast samla

og ikkje slåast saman med andre arkiv, og at den opphavlege ordninga til arkivet skal bevarast. Dette vil seie at vi skal ta vare på eit arkiv i sin opphavlege skipnad, sjølv om arkivskaparen (t.d. eit kommunalt organ) blir lagt ned eller slått saman med andre.

Vi har likevel modifisert proveniensprinsippet på to område i denne katalogen:

- Arkiva etter valstyra og røystestyra er ført opp under ein arkivskapar, valstyret, slik at valprotokollane for stortingsval, kommuneval og protokollane frå dei lokale røystestyra er ført opp som arkivseriar i valstyret sitt arkiv.
- Arkiva etter dei ulike skulekrinsane og skulane er ført opp samla som ein arkivskapar, som vi har kalla "barneskulane i Austevoll".

Desse modifiseringane er gjort for å gjere det lettare for brukarane å få oversikt over materialet. Både røyste- og skulekrinsar har skifta gjennom åra og same protokoll har ofte blitt nytta av fleire krinsar. Om vi hadde følgd proveniensprinsippet slavisk for desse arkiva, ville det bli vanskeleg å orientere seg i katalogen.

I katalogen er arkivskaparane sett opp systematisk etter forvaltningsområde: Val, overordna styring (formannskap), økonomiforvaltning, skule og kultur, sosiale tiltak, helseteneste, tekniske oppgåver, næringsliv, forsvar og vernebuing, rettsstell og krise- og reguleringstiltak. Arkivskaparane er registrert med **arkivskaparkodar** som syner tilknytninga til forvaltningsområde. Desse arkivskaparkodane er utarbeida av Interkommunalt arkiv i Hordaland. Eit oversyn over desse desse finn du i innhaldsregisteret og oversynslista.

Systematikken i katalogiseringa er eins: Kwart arkivstykke er registrert med eit løpenummer i tilknytning til arkivskapar og arkivserie (sjå norsk ålment arkivskjema, nedanfor). Den første møteboka til formannskapet i Austevoll 021-Aa.1. Dette vil vere ein unik referanse.

Som ein del av ordningsarbeidet har materiale utan historisk eller rettsleg verdi blitt *kassert*, dvs fjerna frå arkiva og øydelagt. Dette gjeld i første rekkje mangfaldiggjort materiale som har kome utanfrå (trykte publikasjonar og rundskriv frå sentrale statlege organ, reklame og salstilbod o.l.), men og materiale som er laga i kommunen (som t.d. rekneskapsvedlegg). Det er i hovudsak materiale som skriv seg frå tida etter 1950 som er kassert.

1.2.3 Norsk ålment arkivskjema

Arkivseriane i einskildarkiva er ordna og stilt opp etter norsk ålment arkivskjema. Dette er ein standard for rekkjeordninga av arkivseriane som blir nytta av statlege og kommunale arkivinstitusjonar. Rekkjeordninga går fram av faste bokstavsignaturar for dei viktigaste seriane:

- A Møtebøker, referatprotokollar, forhandlingsprotokollar o.l.
- B Kopibøker
- C Postjournalar og andre overgripande register
- D Saks- og korrespondansearkiv ordna etter arkivskaparen sitt hovudsystem
- E Saks- og korrespondansearkiv ordna etter andre, sideordna system
- F - O Reservert for spesialseriar innanfor arkivskaparen sitt fagområde
- P Personalforvaltning
- Q Eigedomsforvaltning
- R Rekneskap
- S StatistikkT Kart og teikningar
- U Foto, film, lydopptak
- V EDB og mikrofilm
- W Gjenstandar (stempel, modellar, faner)
- X Eigenproduserte trykksaker
- Y Diverse
- Z Referansmateriale (arkivlister, instruksar, avisutklipp)

Når det i eit arkiv finst fleire seriar av same type blir desse skild frå kvarandre med små

bokstavar etter hovudsignaturen, t.d. *Aa, Ab, Raa, Rab*.

1.2.4 Klausulert materiale i kommunale arkiv

Delar av sakstilfanget i kommunale arkiv er ikkje offentleg tilgjengeleg. Reglar i forvaltningslova og ymse særlover har fastsett at visse saksområde skal vere klausulert, dvs. underlagt teieplikt i eit visst tidsrom.

Her følgjer eit oversyn over dei viktigaste saksområda med klausuleringstid:

Arbeidskontor: for personsaker	60 år
Arbeidstilsyn, "stedlig fabrikktilsyn": arbeidstilsynsaker	60 år
Adopsjonssaker	100 år
Barnevernsaker	80 år
Farskap- og barnebidragsaker	80 år
Forliksråd: saker for stengde dører	60 år
Forsyning- og vernebuingsaker	60 år
Likningskontor: sjølvmeldingar og kladdelister	60 år
Overformynderi: verjemålsaker for stengde dører	60 år
Pasientjournalar	80 år
Skule: elevsaker	60 år
Sosialkontor, forsorgstyre, fattigstyre: klientsaker	60 år
Valmanntal: avkryssa valmanntal	60 år

Personregister som er konsesjonspliktige etter personregisterlova er underlagt teieplikt til personen saka gjeld er død.

Kommunen er forplikta å til å følgje desse klausuleringsreglane når arkivmaterialet skal brukast. Dette gjeld både brukarar utanfrå og tilsette i kommunen, når desse ikkje har krav på opplysningane med heimel i lov.

1.2.5 Bruk av kommunale arkivsaker

Kommunale arkiv som er skapt etter 01.01.1971 er opne for innsyn etter reglane i offentlegheitslova. Desse reglane gjeld i prinsippet ikkje for kommunale arkiv som er skapt før 1971, men dei bør likevel vere retningsgivande for innsyn i slike arkiv.

Etter forvaltningslova gjeld regelen om partsinnsyn, dvs. at ein part i ei forvaltningssak har rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Denne retten gjeld uavgrensa i tid.

Det er to viktige avgrensingar i innsynsretten:

- Innsynsretten gjeld ikkje for opplysningar som er underlagt teieplikt etter forvaltningslova. Teieplikta gjeld for "noens personlege forhold", tekniske innretningar og framgangsmåtar og drift- og forretningsforhold som kan ha konkurransemessige konsekvensar. Teieplikta gjeld som hovudregel i 60 år, med unntak av barnevernsaker og adopsjonssaker som har teieplikt på respektive 80 år og 100 år.
- Innsynsretten gjeld heller ikkje interne dokument (dokument som eit organ har utarbeida for si interne saksførebuing), opplysningar som kan få følgjer for rikets sikkerhet og opplysningar det er utilrådeleg at ein person får kjennskap til, av omsyn til eiga helse og tilhøvet til personar som står vedkommande nær (like opplysningar kan likevel gjerast kjent for fullmektig for den det gjeld).

Forskarar - dvs. personar med vitskapleg stilling innanfor relevant fagområde, eller ein person under rettleiing av ein med ei slik stilling - kan få tilgang til materiale underlagt

teieplikt etter vedtak av vedkomande fagdepartement. Vedkomande må sjølv søkje departementet om innsyn. Når studentar/skuleelevar tingar materiale, skal det følgja med stadfesting frå lærar/rettleiar.

Eit vilkår for å få innsyn i arkiva er at brukaren identifiserer den aktuelle saka, t.d. med hjelp av arkivkatalog eller postjournal. Forespørsel om innsyn bør vere skriftleg (sjå vedlegg). Søknaden skal gjere greie for

- kva arkiv og kva slags opplysningar ein vil ha innsyn i
- formålet med innsynet
- evt. skriftleg fullmakt når ein person søkjer om innsyn på vegne av ein annan
- evt. heimel for innsynet, når den som krev innsyn meiner å ha rettsleg krav på opplysningane

Arkivmateriale som det er gitt innsyn i, må nyttast på den plassen arkivbrukaren har fått seg tilvist. Det er ikkje høve til å låne arkivmateriale ut av kommunehuset. Før ein får tilgang til materialet skal arkivbrukaren skal skriva under ei fråsegn om at han/ho er kjend med gjeldande reglar for bruk av arkivmateriale. Den som har hatt ansvaret for ein ekspedisjon er også ansvarleg for at materialet blir sett på rett plass etter bruk.

Kvar arkivbrukar skal skriva under ei fråsegn om at han/ho er kjend med gjeldande reglar for bruk av arkivmateriale:

"Underskrivne stadfestar med dette at eg er kjend med ansvaret med å bruka arkivsaker, og at eg kjenner reglane for bruk og lån av arkivsaker frå kommunen. Vidare lovar eg å ikkje bruka og/eller la offentleggjere opplysningar som på nokon måte kan vera krenkjande eller på annan måte til skade for einskildpersonar eller grupper av menneske (jfr. forvaltningslovas § 13)."

1.2.6 Korleis finne fram i arkiva?

Det er særleg to hjelpemiddel som kan brukast når ein vil finne fram i arkiva:

Arkivkatalogen, som inneheld register over alle delane av arkiva, og dei interne registra som kan finnast i kvart einskild arkiv.

Arkivkatalogen gir eit oversyn over strukturen og innhaldet i dei kommunale arkiva. Normalt gir katalogen eit oversyn på arkivstykknivå, slik at ein kan få oversyn over protokollane og arkivboksane i eit arkiv. Katalogen vil vanlegvis også gi oversyn over dei einskilde mappene i større saksarkiv.

Når katalogen ikkje gir tilstrekkelege opplysningar til å finne fram til ei sak, må ein bruke dei interne registra i arkiva, vanlegvis postjournalen eller eventuelt kopibøkene. Saksgangen i kommunale organ har frå starten av vore slik:

- Inngåande brev vart registrert i *postjournalen*, med opplysningar om mottaksdato, avsendar, innhald og som oftast korleis brevet har blitt følgd opp. Når det vart ført i journalen, fekk brevet eit journalnummer, som var samansett av eit løpenummer og årstalet. Journalnummeret vart vanlegvis ført på brevet, øvst i høgre hjørne. Postjournalen inneheld såleis ei kronologisk oversikt over inngåande korrespondanse, men ofte også over utgåande brev.
- Saksbehandlinga av inngåande brev skjedde fram til 1950-talet hovudsakleg i møta i dei kommunale organa. Det administrative apparatet var lite utbygd i dei fleste kommunane før 60-talet, og det vart sjeldan skrive formelle tilrådingar og framlegg til vedtak. Formannen i organet la kanskje fram ei munnleg tilråding og eit framlegg til vedtak. Det endelege vedtaket vart ført i *møteboka*. Møtebøkene (forhandlingsprotokollane) inneheld referat frå møta i kommunale styre og utval. Referata er ført kronologisk, og vanlegvis vil vi finne ei kort saksomtale og eit vedtak for kvar sak.
- Etter møtet vart vedtaket ekspedert som brev (seinare ei særutskrift) til den saka gjaldt. Kopi av brevet vart ført i *kopiboka*. Kopibøkene inneheld kopiar eller samandrag av

utsende brev. Dei eldste kopibøkene er innbundne protokollar som gjerne inneheld fullstendige brevreferat. Rundt hundreårsskiftet vart det etter kvart vanleg å skrive samandrag av breva. Seinare har vi fått gjennomslag og fotostatkopiar. Kopibøkene er ført kronologisk.

- Det innkomne brevet og ein kopi av det utgåande, saman med eventuelle andre skriv i saka, vart lagt i *saksarkivet*. Saksarkivet har opp gjennom åra vore ordna på ulike måtar. Den opphavlege ordninga var kronologisk, slik at breva vart lagt i arkivet etter dato, eller bygde på breva sine journalnummer, slik at desse vart lagt fortløpande etter dei nummera dei fekk i postjournalen. Seinare vart det vanleg å skilje ut korrespondanse som handla om større saker, og slik utvikla det seg ein serie med "pakkesaker" ved sida av dei vanlege journalsakene. På 1920-talet hadde ein i dei fleste kommunar fått utvikla ein alfabetisk emneordna serie, i tillegg til eller som erstatning for journalsakene. Denne emneordninga vart etter kvart utvikla til systematiske arkivsystem, som erstatta emneorda med arkivkodar og samstundes grupperte emna slik at like saker vart arkivert nær kvarandre i arkivet. "Roalds arkivsystem" frå 1930-talet og "Norsk herredsforbunds arkivplan" frå 1951 er dei mest kjende kommunale arkivnøklane.
- Dersom eit vedtak vart følgt opp med ei utbetaling vil vi finne tilvising av denne i organet si tilvisingsbok.

Om ein brukar postjournalen for å finne fram til ei sak, skal ein vere klar over at det ofte kan vere slik at journalen berre kan stadfeste at eit brev har kome inn. Arkivet frå den aktuelle perioden kan heilt eller delvis ha gått tapt, slik at brevet ikkje vil vere å finne. I slike tilfelle kan ein likevel med hjelp av dei opplysningane ein har fått om tidspunktet brevet kom inn, leite etter saka i møtebøkene og etter svarbrev i kopiboka, eventuelt etter ei utbetaling i tilvisingsboka. Dersom eit brev verkeleg har blitt behandla som sak i organet, vil ein som oftast finne noko ein av desse stadene.

Fleire av arkiva er mangelfulle og det er klart at mykje arkivmateriale har gått tapt.

Tidlegare var det ofte slik at arkivet til eit kommunalt organ vart oppbevart heime hos den som var formann for organet. Det kan difor finnast kommunalt materiale i private heimar. Vi vil understreke at slikt materiale er kommunen sin eigedom, jfr. lov om arkiv § 9. Vi vil oppmode dei som sit med kommunalt materiale eller kjenner til kor slikt finst, om å ta kontakt med arkivtenesta i Austevoll kommune.

KAPITTEL 2:

ADMINISTRASJONSHISTORISK OVERSYN OG ARKIVOMTALE

2.1 AUSTEVOLL KOMMUNE

Austevoll vart eigen heradskommune frå 1886, då den vart utskilt frå Sund heradskommune.

Kommunen er ein øykommune som ligg i Midthordland på fleire store og mindre øyar. Dei største øyane er frå nord Store Kalsøy, Hundvåkøy og Huftarøy med Selbjørn og Stolmen i sør. Kommunen grensar i sør til Fitjar kommune, i aust til Tysnes kommune, i nordaust til Os kommune og i nord til Sund kommune. På vestsida ligg Nordsjøen og havet.

Prestegjeld- og sokneinndelinga:

Då formannskapslovene vart sette i verk i 1838 hadde Sund prestegjeld i Nordhordland Prosti i Bergen Stift fylgjande sokner:

Sund hovudsokn,
Møgster sokn
Austevold sokn

Ved kongeleg resolusjon (kgl.res.) av 22.10.1910 vart soknene Austevold og Møgster eige prestegjeld.

" I At det residerende kapellani i Sunds prestegjeld under Midthordland provsti i Bergens stift nedlægges fra 1 januar 1910 at regne.

II Fra samme tid at regne skal annekssognene Austevold og Møgster av samme prestegjeld utskilles og overgaa til eget prestegjeld under navn av Austevolds prestegjeld, i det Austevolds sogn blir hovedsogn.

III - IV - VI (....) "

Tinglag/lensmannsdistrikt:

Sund prestegjeld var i 1838 delt inn i fylgjande skipreider/tinglag:

Sund hovudsokn hørde til Sartor tinglag i Nordhordlands og Voss Fogderi.

Møgster og Austevoll sokner hørde til Våg tinglag i Søndhordlands og Hardangers Fogderi.

Ved kgl.res. av 17.02.1866 vart Sund tinglag/lensmannsdistrikt oppretta.

Ved kgl.res. av 08.10.1888 vart Sund tinglag delt i to, til Sund tinglag og Østervold tinglag.

"hvored er bestemt at

Sunds thinglag i Nordhordland fogderi, Søndre Bergenhus amt, fra den tid, der af amtmanden nærmere bestemmes, deles i to thinglage, Sunds thinglag og Østervolds thinglag, svarende til herrederne af samme navn."

Ved kgl.res. av 15.09.1910 vart det namneskifte.

" hvored bestemmes at

Sunds lensmandsdistrikt i Søndre Bergenhus amt for fremtiden blir at benævne Sund og Austevolds lensmandsdistrikt."

Ved kgl.res. av 17.04.1964 vart det fylgjande endringar i lensmannsdistriktet:

" 1) Sund og Austevoll lensmannsdistrikt nedlegges.

2) Sund kommune legges til Fjell lensmannsdistrikt som får navnet Fjell og Sund lensmannsdistrikt.

3) Austevoll kommune blir eget lensmannsdistrikt under navnet Austevoll lensmannsdistrikt.

4) Justisdepartementet bemyndiges til å fastsette tidspunktet for gjennomføringen av reguleringene."

Kommuneinndelinga:

I samsvar med formannskapslovene av 1837 § 1 vart Sund formannskapsdistrikt oppretta og gjort gjeldande frå 1838.

" I ethvert Præstegjeld paa Landet skal det være et Formandskab....."

Matrikkellova av 1863 innførte nemninga herad for formannskapsdistrikt på landet.

Heradskommune er også ei nemning som er brukt. I nyare tid er kommune den mest vanlege nemninga.

Ved kgl.res. av 21.februar 1885 vart soknene Austevoll og Møgster delte i frå og Østervold heradskommune vart oppretta, gjeldande frå 01.01.1886.

" Kongelig resolusjon av 21. februar 1885, hvorved det i henhold til lov om formandskaper på landet m.v. av 14. januar 1837 §60 bestemmes: 1) At Sunds herred i Nordhordlands fogderi, Søndre Bergenhus Amt, på de i herredstyrelsens møte den 27de desember 1884 vedtagne betingelser deles i to herreder, nemlig Sunds herred, svarende til sognet av samme navn, og Østervold herred, omfattende Østervold og Møgster sogne, samt 2) at amtmannen bemyndiges til nærmere at bestemme tiden for delingens ikrafttreden."

Møteboka for formannskapet i Austevoll viser at første møte vart halde 12.01.1886. Namnet var då Østervold. Frå juli 1889 er namnet endra til Austevold.

Ved kgl.res. av 3. november 1917 vart namnet på heradet endra frå Austevold til Austevoll.

Ved kgl. res. av 01.02.1935 vart Møgster endra til Møkster.

" Soknenamnet Møgster, Austevoll herad, Hordaland fylke, vert brigda til Møkster. "

Gjeldande frå 1964 skjedde det store endringar i kommuneinndelinga i Hordaland fylke, til liks med resten av landet.

Ved kgl.res. av 26.april 1963 skjedde fylgjande endringar i Austevoll:

" Kongeleg resolusjon av 26.april 1963 om at dei områda som Fitjar kommune i Hordaland fylke har på Huftarøy og Selbjørnøy skal leggjast til Austevoll kommune i same fylke. "

Kongelig resolusjon av 6. juni 1963 fastsette at ovenfornemnte overføring skal gjerast gjeldande fra 1. januar 1964, og at kommunen framleis skal heita Austevoll.

Ordførarar i Austevoll kommune 1886 - 1989:

Kyrkjesongar Olav Strømme	1886 - 1901
Fiskar Peder Olai Kleppe	1902 - 1919
Bonde Olai Nausthellar	1920 - 1925
Bonde Mikkel Nilsen Birkeland	1926 - 1934
Lærar Magnus Larsen	1935 - 1937
Fiskar Salomon O. Fagerbakke	1938 - 1945
Fiskar Salomon V. Kalvenes	1946 - 1959
Trygdesjef Rikard Storebø	1960 - 1969
Statslós Peder Kalve	1970 - 1975
Rektor Magnus Stangeland	1976 - 1981
Kjøpmann Knut K. Kalvenes	1982 - 1985
Skippar Hallvard Møkster	1986 - 1989

Nedanfor fylgjer eit generelt administrasjonshistorisk oversyn og ein generell arkivomtale for dei fleste av arkivskaparane gjennom tidene i heradskommunane.

Det er samstundes teke med noko omtale og oversyn over kva som er funne av arkiv etter desse i Austevoll kommune.

2.2 011 VALSTYRE

Valstyre for **stortingsval** vart oppretta for landkommunane i lov av **24.02.1900**. Tidlegare hadde sokneprest og fut ansvaret for valforretningane og manntalet.

Valstyret vart samansett av formannskapet og lensmannen, som var manntalsfører og lovbestemt formann i valstyret. Etter lov av **17.12.1920** kunne kommunestyret etter samtykke av fylkesmannen velje ein annan manntalsfører. Valforretningane vart ført i valprotokoll (valbok) for stortingsval.

Manntalsfører skulle leggje fram utkast til manntal, som vart gjennomgått av manntalsnemnda før det vart lagt ut. Manntalsnemnda vart samansett av manntalsfører og to medlemmer valde av og blant formannskapet. Manntalsnemnda sine forhandlingar vart ført i eiga møtebok. Etter at manntalet var lagt ut, kunne endringar berre gjerast etter vedtak i valstyret.

Dersom valet vart gjennomført på meir enn tre ulike røystestader i kvar kommune, skulle valstyret oppnemne lokale røystestyre på tre medlemmer for kvar krins. Røystestyra skulle føra eigen protokoll.

Stortingsval vart halde kvart tredje år fram til **1938**, då valperioden vart utvida til fire år.

Valstyre for **kommuneval** vart innført ved endringar i lov av **27.07.1896**. Valstyre skulle vera samansett av formannskapet og lensmannen, som var manntalsfører og lovbestemt formann i valstyret. Dersom kommunen var delt i fleire sokn, skulle kvart sokn ha eige valstyre. Denne ordninga sto ved lag fram til og med **1955**.

Manntal skulle utarbeidast av lensmannen saman med formannskapet (eller formennene i soknet). Frå **1901** skulle lensmannen utarbeide manntalet åleine. Manntalsfører skulle leggja fram utkast som vart gjennomgått av manntalsnemnda før det vart lagt ut. Manntalsnemnda vart samansett av manntalsfører og to medlemmer valde av og blant formannskapet. Etter at manntalet var lagt ut, kunne endringar berre gjerast etter vedtak i valstyret.

Dersom valet vart gjennomført på meir enn tre ulike røystestader i kvar kommune, skulle valstyret oppnemna lokale røystestyre på tre medlemmer i kvar krins. Frå 1925 skulle kvar skulekrins halda eige valting. Røystestyra skulle føra eigen protokoll.

Frå **1837** vart det halde kommunevalet annankvart år. Valperioden var fire år, slik at halvparten av formennene og representantane vart skifta ut ved kvart val. Kommunval vart halde kvart tredje år i frå **1896**. Frå **1947** vart valperioden utvida til fire år.

I arkivet etter Austevoll valstyre er det registrert fylgjande:

Aa. 1 - 19	Møtebøker for røystestyra Stortingsval	1903 - 1973
Ab. 1 - 19	Møtebøker for røystestyra Kommuneval	1931 - 1975

2.3 021 FORMANNSKAP OG KOMMUNESTYRE

Formannskapslovene av **14.01.1837** fastsette at det i kvart prestegjeld skulle opprettast ein kommune, som skulle styrast av eit formannskap og eit representantskap. Formannskap og representantskap skulle veljast kvar for seg, og det skulle vere tre gonger så mange representantar som formenn. I prestegjeld som var delt i fleire sokn skulle desse vala gjennomførast soknevis.

Formannskapet skulle velja ordfører og varaordførar. Representantskapet hadde ingen

funksjon åleine, men møtte saman med formennene etter innkalling frå formannskapet for å behandle saker om løyvingar til nye tiltak, kjøp og sal av eigedomar og andre viktige økonomiske saker. Dette fellesorganet vart seinare kalla heradstyre eller kommunestyre.

Forhandlingane til formannskap og representantskap skulle referast i formannskapet sin forhandlingsprotokoll. Det skulle og førast brevjournal og kopibok. Desse protokollane skulle autoriserast av amtmannen (fylkesmannen). I lov av 10.06.1938 vart bestemmelsane om føring av postjournal og kopibok tatt ut av lova.

Medlemene av fattigkommisjonen og skulekommisjonen skulle tiltre formannskapet når fattigsaker og skulesaker vart behandla. Denne ordninga - dei kombinerte formanskapa - sto ved lag til 1845 for fattigstellet sin del. For skulestellet vart det kombinerte formannskapet oppheva av skulelova av 1860. I herad med soknedelt fattig- eller skulestell, skulle berre formenn frå det aktuelle soknet møta saman med kommisjonane.

Ved lovendring av **14.06.1879** vart retten til å velja ordførar og varaordførar og til å gjennomføra revisjon og desisjon av kommunerekneskapa overført frå formannskapet til kommunestyret. Ordførar og varaordførar skulle framleis veljast blant formennene.

Ved lov av **27.07.1896** vart valordninga endra slik at kommunestyret skulle veljast under eitt. Kommunestyret skulle så velja 1/4 av medlemene som formannskap, ordførar og varaordførar.

Kommunelova av **30.09.1921** stadfesta den eksisterande ordninga med kommunestyre og formannskap og gav bestemmelsar om nye faste stillingar i kommunen, slik som heradskasserar og formannskapssekretær.

Kommunen sin kompetanse har alltid vore rekna å vere negativt avgrensa. Kommunen kan setja i gang tiltak på alle andre område enn der det er lovbestemt at den ikkje kan gjera det.

Frå **1921** fekk kommunestyret høve til å opprette utval for å løysa faste eller særlege oppgåver. Lova stadfesta også kommunestyret sin rett til å skipa kommunale verksemder og gav reglar for val av styre og revisjon av rekneskapa til desse.

I lov av **7.12.1923** vart det bestemt at ein kommune som ikkje makta å innfri sine gjeldsforpliktelsar, kunne setjast under administrasjon av departementet. I midlertidig lov av **22.06.1928** vart desse bestemmelsane innskjerpa. Kommunen skulle styrast av eit administrasjonsstyre, samansett av ein representant frå kommunestyret og ein frå fordringshavarane, samt dei som vart oppnemnt av Kongen. Etter begge lovene skulle kommunestyre og formannskap halda fram i sine funksjonar, men utan rett til å gjera vedtak som kunne føra til utgifter for kommunen. Kommunestyret kunne likevel uttala seg i slike saker og anka vedtak av administrasjonsstyret inn for departementet.

Kommunelova av **10.06.1938** førte ikkje med seg vesentlege endringar i kommunen si organisering og drift. Formannskapslovene gav amtmannen (fylkesmannen) rett og plikt til å godkjenne (approbere) vedtak som vart gjort av kommunestyret. Vedtak som hadde store økonomiske konsekvensar skulle approberast av Kongen. I 1921-lova vart dette endra slik at negative vedtak (utsetjing, avslag o.l.) ikkje trengde approbasjon. Denne ordninga sto ved lag fram til lov av 12.11.1954 avgrensa fylkesmannen si fullmakt til å underkjenne vedtak som låg utanfor kommunen sitt kompetanseområde eller vedtak i strid med gjeldande lov. Fylkesmannen skulle også godkjenne budsjettvedtak i kommunar som mottok skatteutjanningsmidlar.

I arkivet etter formannskap og kommunestyre vil det finnast møtebøker (forhandlingsprotokollar), kopibøker og brevjournalar. Korrespondanse og saksdokument er fram til om lag 1935 som oftaste ordna kronologisk etter journalnummer eller dato. Samstundes vil det finnast sideordna korrespondanse, som er ordna etter emne. I 1935 kom den første arkivnøkkelen på markedet, Roalds kommunale arkivsystem. I 1951 kom den første arkivnøkkelen som var utarbeidd av Norges herredsforbund (NHF) I 1963 og 1976 kom det reviderte utgåver av NHF sin arkivnøkkel. Enkelte kommunar heldt fast på ordning etter journalnummer heilt fram til 1950 - 60- åra.

Kontoplanen har også vore nytta som arkivnøkkel.

Det er mange variasjonar på kva tid den enkelte kommune gjekk over til å arkivera saksarkivet sitt etter ein av dei ovanfornemnte arkivnøkklane.

I arkivet etter Austevoll formannskap og kommunestyre er det registrert fylgjande materiale:

Serie	Innhald	Tidsrom
Aa. 1 - 15	Møtebøker for formannskap og heradsstyre	1886 - 1976
Ab. 1 - 2	Møtebøker for Møkster soknestyre	1910 - 1951
Ac. 1	Møtebok for Austevoll soknestyre	1940 - 1951
Ad. 1	Kommunale nemnder	1927 - 1956
Ba. 1 - 2	Kopibøker	1837 - 1934
Bb. 1	Sakspapir til kommunestyremøte	1968 - 1971
Ca. 1 - 4	Brevjournalar	1884 - 1974
Cb. 1 - 3	Journalkort	1976 - 1982
Da. 1 - 12	Kronologisk ordna korrespondanse	1886 - 1938
Db. 1 - 2	Korrespondanse Austevoll soknekommune	1934 - 1938
Dc. 1	Korrespondanse Møkster soknekommune	1935 - 1938
Dd. 1	Ordførarens handarkiv	1956 - 1963
Ea. 1 - 43	Pakkesaker. Emneordna korrespondanse	1901 - 1974
Fa. 1 - 13	Saksarkiv ordna err NKS arkivnøkkel	1939 - 1969
Fb. 1 - 78	Saksarkiv ordna etter kontoplan som arkivnøkkel	1942 - 1979
Ga. 1	Byggenemnda for Eidsbøen ungdomsskule	1969 - 1972
Ra. 1	Kommunerekneskap	1967 - 1976
Rb. 1 - 6	Tilvisningsbøker for Austevoll kommune	1920 - 1959
Rc. 1 - 3	Tilvisningsbøker for Møkster soknekommune	1905 - 1951
Rd. 1	Tilvisningsbok for Austevoll soknekommune	1937 - 1951
Sa. 1	Statistikkar	1896 - 1923
Ua. 1	Teikningar, Austevoll og Møkster kyrkjer	1890
Øa. 1 - 2	Diverse	1952 - 1960

2.4 023 SOKNEKOMMUNAR

I Formannskapslova av 1837 står det i § 20 at « når en sak utelukkende angår et enkelt sogn eller enkelte sogne, skal kun de formenn eller representantar som dertil henhører, delta i stemmegivningen derover, men saken foredrages av formennenes ordfører, om enn ikke denne har stemme deri »

I formannskapslova sin § 2 står det at det skal vera soknevis val på formenn og representantar.

Slik vert kyrkjesokna heimla som soknekommune i formannskapslova, som såleis gav heimel både til formannskapsdistrikt/heradskommunar og soknekommunar. Kvar heradskommune kunna ha fleire soknekommunar, som vart leia av soknestyre. Soknekommunane var heilt sjølvstendige kommunar, og hadde bevilgningsrett i dei sakene dei kunne ha føre seg.

I 1837 var soknekommunen tiltenkt ei beskjeden rolle, og då vesentleg i samband med kyrkjeforvaltninga. Kyrkjene vart ikkje kommunal eigedom før ved lova om kyrkje og kyrkjegardar av 1897. Soknestyre måtte syta for inntekt og vedlikehald av kyrkjene. Det var eigen kyrkjekasse i sokna.

Etter kvart vart det ved lover høve til å leggja viktige forvaltningsområde inn under soknekommunen. Fattiglova av 1863, skulelova av 1889, anlegg og vedlikehald av bygdevegar, lov om kyrkjeforvaltning.

Soknekommunen kunne ta opp mange saker, slik som el.forsyning, vassforsyning, utbygging av telefonnett, ymse helsetiltak og utbygging av gamleheimar.

Soknestyret vedtok sitt eige budsjett, og kunne etter landskattelova § 133 krevja inn skatt, dersom heradsstyret godkjende dette.

Landkommunelova av 1921 opprettheldt soknekommunane og det same gjorde landkommunelova av 1938. Lovene bestemte at soknekommunane skulle ivarta saker som var lovheimla og saker som allereie var dei enkelte soknekommunane sitt ansvar.

Det er store variasjonar frå heradskommune til heradskommune med omsyn til utbyggingsnivået av soknekommunane. Det var mange tilhøve som spelte inn her. Det var lange avstandar innanfor prestegjeldet. Fjell og fjord måtte kryssast, og kommunikasjonane var dårlege. Det stod fritt opp til heradskommunen korleis dei ikkje lovpålagte oppgåvene kunne løysast av den enkelte soknekommune.

Mange av soknekommunane søkte om å verta eigne heradskommunar.

Då soknekommunane ved lov av 15.12.1950 vart oppheva frå 01.07.1951 vart soknedelt kyrkjeforvaltning oppretthalden.

Utbyggingsnivået av soknekommunane avspeglar seg sjølvsagt i **arkiva** frå den enkelte kommune, både i innhald og mengde. Protokoll frå møta i soknestyra kan vera ført inn i møteboka for formannskap/heradstyre, eller det kan vera ført eigne møtebøker. Det vil finnast kopibøker, brevjournalar, korrespondanse/saksarkiv og tilvisningsprotokollar for rekningar.

Ved herdskassen vil det som oftaste finnast arkiv etter dei enkelte soknekommunekassane.

I Austevoll kommune var soknene Austevoll og Møkster eigne soknekommunar like fram til 1951. Frå Innstilling om opphevelse av soknekommunene av 1948, frå Kommuneinndelings-komiteen som vart oppnemnt ved kgl.res. av 31.10.1946, går det fram fylgjande:

" I Austevoll er soknene praktisk talt bygget ut som selvstendige herreder. De har eget kirke-, skole-, fattig- og vegbudsjett og forvalter for øvrig en del andre oppgaver. Skattene liknes ut soknevis og herredets nettoutgifter dekkes ved tilskudd fra soknene. Begge sokn har søkt om å bli skilt ut som egne herreder. "

Arkiv etter Austevoll soknekommune og Møkster soknekommune er vorte ordna inn under ymse arkivskaparar. I møteboka for formannskapet for Sund heradskommune vil det i tidsrommet 1837 - 1885 finnast protokoll etter møta i soknestyra i Austevoll (Østervold) og Møkster (Møgster) . Etter 1886, då Austevoll vart eigen heradskommune med soknene Austevoll og Møkster, vil det finnast protokollar frå soknestyra i møteboka for Austevoll formannskap. Det er også registrert eigne møtebøker for soknestyra.

Elles er det registrert arkiv etter soknekommunane under fylgjande arkivskaparar:

- 011 Valstyre (Austevoll valsokn og Møkster valsokn)**
- 021 Formannskap**
- 121 Heradskasse**
- 142 Likningsnemnd**
- 211 Skulestyre**
- 311 Fattigstyre**
- 352 Fiskarmanntalsnemnda**

2.5 121 HERADSKASSEN / KOMMUNEKASSEN. SOKNEKASSANE

Rekneskapsføringa for kommunen sine kassar har utvikla seg frå eit system med særskilte rekneskap og rekneskapsførarar for dei enkelte kassane fram til eit felles rekneskap og ein felles kommunekasse/kommunekasserar (heradskasse/heradskasserar)

By og land hadde ulike forskrifter for rekneskapsføringa. Utgreiinga nedanfor omhandlar

landkommunane fram til 1942, då by og land fekk felles forskrift.

Før 1837 førte skule- og fattigkommisjonen kvart sitt rekneskap, gjerne med presten som rekneskapsfører. Med formannskapslovene i **1837** vart ansvaret for rekneskapet til dei kommunale kassane lagt til formannskapet, og rekneskapsførarane og kasserarfunksjonane vart no lagt under formannskapet. Samstundes skulle formannskapet overta revisjon og desisjon (endeleg godkjenning) av rekneskapa. Kvart sokn kunne ha sin skule-, fattig- og soknekasse. I tillegg kunne det finnast andre kommunale kassar, som t.d. kyrkjekasse for den enkelte kyrkje, vegkasse og hamnekasse. Heradskassen skulle etter kvart dekkja andre kommunale utgifter. Det vart normalt ført separate rekneskap for dei ymse kassane, sjølv om kassane gradvis fekk ein og same rekneskapsfører. Budsjett og utlikning vart knytt nærare saman i **1860-åra**, og gradvis fekk dei enkelte kassane felles rekneskapsprotokollar.

Departementet gav nærare bestemmelser om rekneskapsføringa **15.11.1883**. Kontoplanen vart innført, og det skulle førast eit kassarekneskap og eit nettorekneskap som synte verkelege inn- og utbetalingar. Desse bestemmelsane vart i prinsippet ståande til **1936** for landkommunane. Då kom det forskrifter som presiserte samanhengen mellom budsjet og rekneskap, og prinsippet om dobbel bokføring. I **1942** kom det nye forskrifter som vart felles for by- og landkommunane. Det kom endringar i **1958**. Desse vart avløyste av nye forskrifter frå **01.01.1972**.

Med skattelovene av **1882** kom det viktige endringar i samband med oppkrevjing av skatt. Før den tid var det på landet fogden/lensmannen som krov inn matrikkelskatten. Dei andre skattane som vart utlikna på formue og næring, vart innbetalte til dei respektive rekneskapsførarane eller særskilte oppkrevjingsmenn (t.d. skule- og fattigskatt). Vart ikkje skatten betalt, kunne den drivast inn ved utpanting, som vart utført av fogd/lensmann. No vart kommunkasseraren skatteoppkrevjar, og fekk rett til å føreta tvangsinn drivelse av kommuneskatten. Statsskatten vart frå 1892 utlikna saman med kommuneskatten, men først ved skattebetalingslova av 1952, gjort gjeldande frå **01.01.1957**, vart kommunkasseraren oppkrevjar av statsskatten, og gjeve fullmakt til utpanting for alle skattekrava.

Landkommunelova av **30.09.1921** fastsette at det skulle tilsetjast kommunkasserar (heradskasserar). I mindre kommunar vart denne stillinga ofte delt med ein halv stilling som formannskapssekretær.

I arkiva vil det finnast rekneskapsmateriale, eller ekstraktar, frå dei ymse kassane i tida før 1882. Etter den tid vil det finnast meir samla for kommuneskassen. Det er ført eige rekneskap for skatteoppkrevjinga. Dei ymse forskriftene har i stor grad vore retningsgjevande for utforminga av rekneskapsmateriale som finst i desse arkiva. Frå 2. halvår 1913 til 1. halvår 1960 vart budsjet-/rekneskapsåret ført frå 1.juli til 30. juni. Frå 1.januar 1961 er dette identisk med kalendaråret.

I arkivet etter Austevoll heradskasse og kassane i soknekommunane Austevoll og Møkster er det registrert fylgjande materiale:

Serie	Innhald	Tidsrom
121 Austevoll heradskasse:		
Ca. 1 - 2	Journalar	1906 - 1943
Fca. 1 - 4	Restanselister for skatt	1924 - 1967
Raa. 1 - 7	Årsrekneskap m/bilag	1886 - 1946
Rab. 1	Rekneskapsprotokoll	1886 - 1938
Rba. 1 - 2	Oppgjer- og statusbok	1963 - 1966
Rca. 1	Hovudbok	1936 - 1942
Rea. 1 - 3	Kassajournal / memorial	1935 - 1943
Reb. 1 - 3	Kassabok for veganlegg Bjellandshalsen-Vassnes	1937 - 1963
122 Møkster soknekommunekasse		
Ffa. 1 - 2	Skattelister	1855 - 1949
Raa.1 - 7	Årsrekneskap m/bilag	1860 - 1938

Rab. 1 - 3	Rekneskapsbøker	1891 - 1936
Rea. 1 - 4	Kassedagbøker	1908 - 1939
122.1 Møkster sokn skulekasse		
Raa. 1 - 9	Årsrekneskap m/bilag	1858 - 1937
Rab. 1	Rekneskapsbok	1873 - 1936
122.2 Møkster sokn fattigkasse		
Raa. 1 - 8	Årsrekneskap m/bilag	1858 - 1936
Rab. 1 - 2	Rekneskapsbøker	1843 - 1936
Rda. 1	Reskontrobok	1936 - 1938
122.3 Møkster sokn kyrkjekasse		
Raa. 1 - 6	Årsrekneskap m/bilag	1860 - 1936
Rda. 1	Reskontrobok	1864 - 1936
122.4 Møkster sokn vegkasse		
Raa. 1 - 2	Rekneskapsbøker	1916 - 1961
123 Austevoll sokne kommunekasse		
Fcc. 1	Reskontrobok for innbetalt skatt	1920 - 1923
Ffa. 1	Skattelister og restansar	1860 - 1904
Raa. 1 - 3	Årsrekneskap m/bilag	1859 - 1935
Rba. 1	Oppgjer- og statusbok	1949 - 1950
Rca. 1	Hovudbok	1936 - 1943
Rea. 1 - 2	Kassabøker	1918 - 1929
Reb. 1	Tilvisningsbok	1936 - 1942
123.1 Austevoll sokn skulekasse		
Raa. 1 - 6	Årsrekneskap m/bilag	1859 - 1935
123.2 Austevoll sokn fattigkasse		
Raa. 1 - 5	Årsrekneskap m/bilag	1859 - 1937
Rab. 1	Rekneskapsbok	1844 - 1919
123.3 Austevoll sokn kyrkjekasse		
Raa. 1 - 3	Årsrekneskap m/bilag	1860 - 1935

2.6 142 LIKNINGSKOMMISJON, LIKNINGSNEMND, LIKNINGSKONTOR

By og land hadde ulik utlikning av skatt like fram til 1975, då skattelova vart lik for by og land. Utgreiinga nedanfor er gjort utifrå skattelovene for kommunane på landsbygda i tida **1837** til **1965**, då administrasjonen av likninga vart overført til staten.

Formannskapslovene gjorde at kommunane vart sjølvstendige i økonomiske saker, men hadde ingen bestemmelsar om skatt. Tidlegare praksis ved utlikning og innkreving av skatt heldt difor fram som før 1837. Dei generelle utgiftene til kommunane vart dekte gjennom refusjonar av den statlege martrikkelskatten. Utgifter til skule- og fattigstellet vart dekte gjennom skattar utlikna av skule- og fattigkommisjonane. Skulekommisjonen hadde ansvaret for utlikninga av **skuleskatten** fram til lov av **16.06.1860** overførte denne retten til kommunestyret eller ein **likningskommisjon** valt av kommunestyret. Fattiglova av **6.06.1863** gjorde tilsvarande endring for **fattigskatten**. Fattiglova fastsette og at det skulle veljast ein eigen **overlikningskommisjon** for å behandle klager på likninga.

Skattelovene av **15.04.1882** innførte ein felles kommuneskatt, som skulle utliknast av likningskommisjonen på grunnlag av eigedom, inntekt og formue. Det kunne og opprettast **overskatteskommisjon** til å handsama saker for skatteytarar busette utanfor kommunen. Etter lov av **30.05.1891** kunne det opprettast eigne likningskommisjonar for kvart sokn.

Ved lov av **29.06.1892** vart likningskommisjonen tillagt ansvaret for utlikninga av statsskatt. Likningskommisjonen og overlikningskommisjonen endra ved lov av **18.08.1911** namn til **likningsnemnd** og **overlikningsnemnd**. Overskatttekommisjon vart då erstatta av ei serskild klagenemnd. Framleis kunne det vera serskilde likningsnemnder i dei enkelte sokna. Skattelova av 1911 gav allmenn plikt til å levera **sjølvmelding og næringsoppgåver**, og utlikninga av skatten skulle no byggja på desse. 1911-lova innførte ei ordning med **likningsråd** som skulle gjennomgå sjølvmeldingane. I byane var dette pålagt, medan det på landet var frivillig. Der det ikkje vart oppretta likningsråd, skulle likningsnemnda ha desse funksjonane. Likningsrådet hadde avgjerande myndigheit når det galdt handsaming av sjølvmeldingane og utlikning av skatten.

Etter lov av **15.02.1935** skulle ein der det ikkje fanst likningsråd, oppretta eit **likningsutval** til å ta førebels handsaming av sjølvmeldingar og næringsoppgåver. Formannen i likningsnemnda skulle vera formann i likningsutvalet. Likningsutvalet sitt arbeid hadde meir karakter av tilrettelegging for likningsnemnda, som så avgjorde utlikninga etter sjølvmeldingane. Likningsrådet og likningsutvalet vart avskaffa ved lov av **30.06.1955**. Denne lova oppretta eit serskilt takstutval for jord- og skogbrukseigedomar og eit for andre eigedommar.

Lov av **10.07.1936** gav påbod om å ha fast tilsett forretningsfører for likningsvesenet. Ved lov av **1950** vart all saksførebuing tillagt likningssjefen.

Frå **1957** vart skatteinnkrevjinga lagt om, slik at dei fleste kom til å betale skatt av årets inntekt (forskotsskatt). Tidlegare vart skatten betalt etterskotsvis.

I tillegg til dei ordinære stats- og kommuneskattane har det vore utlikna ei rekkje serskattar:

1915 - 1921	Krigskonjunkturskatten.
1918 - 1950	Tilleggsskatt til kommunane på større inntekter.
1921 - 1951	Ekstraordinær formueskatt
1936 -	Alderstrygdavgift, utlikna saman med statsskatten
1946 -	Krigspensjoneringsavgift, som for alderstrygdavgifta
1938 - 1945	Avgift til arbeiderfondet
1941 - 1945	Serskilt skatt til staten på inntektsstigning
1946	Eingongsskatt på formuestigning
1946 - 1948	Krigsskadeavgift, utlikna på grunnlag av statsskattelikninga
1948 - 1951	Vernesatt

Arkiva etter likningsvesenet vil innehalda forhandlingsprotokollar (møtebøker) etter likningskommisjonen og dei andre organa, kopibøker og brevjournalar. Likningsprotokollar, som viser utlikninga av skatten, er den mest omfattande arkivserien. I dei første åra kan likninga vere innført i møtebøkene. Frå 1892 kom opplysningar om statsskatt med i likningsprotokollane, ofte ført i egne protokollar for kommuneskatt og statsskatt.

Kladdelistene kan vera tekne vare på. Desse inneheld sjølve likningsutrekninga og har detaljerte opplysningar frå sjølvmelding/næringsoppgåver. Sjølvmeldingane er som oftaste kasserte. Det vil som regel i liten grad vere bevart anna korrespondanse.

Arkivet for likninga i Austevoll kommune viser at det har vore egne likningsnemnder i Austevoll sokn og Møkster sokn.

Det er registrert fylgjande arkivmateriale:

Serie	Innhald	Tidsrom
141	Austevoll likningskontor	
Fa. 1 - 14	Skattelister over utlikna skatt	1954 - 1965

142 Austevoll likningskommisjon/likningsnemnd

Ba. 1	Kopibok	1898 - 1943
Ca. 1	Brevjournal	1899 - 1943
Da. 1	Kronologisk ordna korespondanse	1944 - 1956
Fa. 1 - 2	Likningsprotokollar, utlikna skatt	1892 - 1902
Ga. 1 - 3	Avskrivingsprotokollar, motorbåtar	1947 - 1965
Gb. 1	Avskrivingsprotokoll, notbruk m.m.	1949 - 1965

142.1 Austevoll sokn likningsnemnd

Aa. 1	Møtebøker	1902 - 1943
Ab. 1	Møtebok for likningsrådet	1939 - 1957
Fa. 1	Likningsprotokollar, utlikna skatt	1867 - 1954
Fb. 1 - 3	Likningsprotokollar, statsskatt	1894 - 1949

142.2 Møkster sokn likningsnemnd

Aa. 1 - 3	Møtebøker	1901 - 1956
Ab. 1 - 3	Møtebøker for likningsrådet	1930 - 1951
Ba. 1	Kopibok	1901 - 1930
Ca. 1	Brevjournal	1901 - 1924
Da. 1 - 2	Kronologisk ordna korrespondanse	1914 - 1963
Fa. 1 - 10	Likningsprotokollar, utlikna skatt	1865 - 1954
Fb. 1 - 4	Likningsprotokollar, statsskatt	1901 - 1952

2.7 211 SKULESTYRE (SKULEKOMMISJON)

Grunnlaget for utviklinga av det moderne skulestellet vart lagt ved skuleforordninga av **1739**, som fastsette innhaldet i undervisninga i skulane. Denne vart følgd opp av skuleplakaten av **1741**, som fastsette at amtmannen og prosten skulle samla fire av dei "beste menn" i kvart prestegjeld, soknepresten og hans kapellantar. I fleire prestegjeld deltok dei fire "beste menn" frå kvart sokn. Denne skulekommisjonen skulle utarbeida ein plan for organiseringa av undervisninga i prestegjeldet og setja opp budsjett for skulestellet og utlikna skuleskatt på innbyggjarane. Dette dokumentet vert ofte kalla "**skulefundas**".

For kvart sokn skulle kommisjonen peika ut ein eller fleire menn til å krevja inn skuleskatten og føra rekneskap for soknet si **skulekasse**.

I **1816** vart samansetjinga av skulekommisjonen endra til å omfatte presten, hans medhjelparar, lensmannen og prestegjeldet sine valmenn.

Skulelova for landet av **1827** bygde i det vesentlege på forordninga og plakaten, men det vart sett minimumskrav til utbyggjinga av skulestellet. Skulekommisjonen kunne fastsette talet på skuledistrikt og omgangsroder, likna ut skuleskatt og påleggja dei med matrikulert jord å ta i mot omgangskulen. Kommisjonen kunne og be regjeringa om fritak frå lovpåbodet om fast skule ved hovudkyrkja. I **1834** vart det utarbeida skuleplanar for dei einskilde stifta med instruks for lærarane.

Formannskapslovene av **1837** la skulen sin økonomi under formannskapet. Når det vart behandla saker om skulen, skulle kommisjonen (med unntak av dei folkevalde medlemene) tiltre formannskapet. Dette organet vart kalla kombinert formannskap eller skuleformannskap.

Formannskapet skulle tilsetje rekneskapsførar for **skulekassa**. Kvart sokn kunne etter formannskapslova ha sin eigen skulekommisjon, eller den kunne vere felles for formannskapsdistriktet.

Landsskulelova av 1860 fastsette at eit formannskapsdistrikt i regelen skulle utgjere ein skulekommune. Eksisternade ordningar skulle likevel halda fram til kommune/soknestyret gjorde vedtak om å endra dette. Med samtykke frå Kongen kunne det likevel opprettast nye skulekommunar i einskilde sokn. Skulekommisjonen skulle vere samansett av presten, residerande kapellan, ein representant for lærarane, ordføraren i

formannskapet og så mange kommunalt valde medlemmer som kommunestyret bestemte. Soknepresten var lovbestemt formann i kommisjonen. Skulekommisjonen skulle laga framlegg til skulebudsjett og leggja dette fram for formannskapet og dela skulekommunen inn i skulekrinsar. Presten hadde møterett i formannskap og kommunestyre under behandlinga av skulesaker.

Folkeskulelova av 1889 bestemte at ein heradskommune kunne delast i fleire skulekommunar. Lova innførte namnet **skulestyre** og gjorde presten til vanleg medlem av skulestyre. Formannen skulle no veljast fritt mellom medlemene. Samstundes erstatta skuledirektøren stiftsdireksjonen som overordna organ for det kommunale skulestellet. Skulelova påla skulestyra å utarbeida kommunale skuleplanar. For landsskulen utarbeidde departementet i samråd med skuledirektørane eit utkast til skuleplan som skulle vere retningsgivande for skulestyra som eit tillegg til landsskulelova. Skulestyret fekk rett til å tilsetja lærarar.

Skulelova av 1936 bestemte at alle skulekrinsar skulle vere representert av dei medlemene kommunestyret valde til skulestyret. Ordføren eller ein annan formannschaftsmedlem skulle vere medlem av skulestyret. Skulestyret fekk rett til å tilsetja skulestyrarar og skuleinspektør for kommunen.

Skulelova av 1959 var felles for by og land. Skulestyret skulle i sin heilskap veljast av kommunestyret. Alle kommunar skulle ha eit **skuleråd** og alle skular **lærarråd**. Kommunen fekk plikt til å tilsetja skuleinspektør.

I arkivet etter skulestyret vil det finnast møtebøker (forhandlingsprotokollar), kopibøker og brevjournalar. Korrespondanse og saksdokument er fram til om lag 1960 som oftaste kronologisk ordna etter journalnummer eller dato. Samstundes vil det finnast sideordna korrespondanse, som er ordna etter emne. Seinare er dette ordna etter arkivnøkkel. I arkivet finst det også personalarkiv og tilvisningsbøker. Rekneskapet for skulekassen er som oftaste arkivert hjå heradskassen.

Arkivet viser at det var egne skulestyre i soknene Austevoll og Møkster.

I arkivet etter skulestyra i Austevoll kommune er det registrert fylgjande materiale

Serie	Innhald	Tidsrom
Aa. 1 a - 6	Møtebøker	1878 - 1969
Ab. 1	Møtebok Austevoll skuleråd	1961 - 1986
Ac. 1	Møtebok Arbeidsutvalet for Austevoll skulestyre	1972 - 1986
Ad. 1	Møtebok Eksamensnemnda	1964 - 1970
Ba. 1 a - 1	Kopibøker	1890 - 1970
Ca. 1 - 12	Brevjournalar	1921 - 1970
Da. 1	Kronologisk ordna korrespondanse	1885 - 1917
Ra. 1 - 10	Tilvisningsbøker	1907 - 1966

2.8 231 SKULEKRINSANE / FOLKESKULANE

Plakaten av **1741** fastsette at skulekommisjonen skulle dela prestegjeldet i **skuledistrikt** og **roder**. Eit skuledistrikt var det området som vart dekt av ein lærar, ofte eit sokn. Distriktet var delt i roder (skulehaldslaug), som omfatta dei gardane som låg slik til at borna kunne ha felles omgangsskule, vanlegvis ei grend. Rodene hadde skule eit par månader i året slik at heile distriktet vart dekt i løpet av eit år. Skuledistrikta og rodene vart endra etter kvart som krava til undervisninga vart større.

Skulelova av **1860** fastsette at ein skulekommune skulle delast opp i **skulekrinsar**. Krinsar skulle normalt ha ein fast skule, men omgangskulen var framleis vanleg i dei fleste kommunar. Lova fastsette at skulestyret skulle oppnemne **tilsynsmenn** for krinsane og at det kunne haldast **krinsmøte** når krinsen vart påført økonomiske plikter.

Skulelova av **1889** utvida denne ordninga slik at det i kvar skulekrins skulle vera eit **tilsynsutval**, samansett av tre representantar valt i krinsmøte og med eit av skulestyret sine

medlemer som formann. Tilsynsutvalet skulle føra tilsyn med skulen i krinsen og arbeida for god skulesøking og orden i skulen. Skulestyret kunne delegera delar av si myndighet til tilsynsutvalet. På krinsmøtet hadde alle skatteytarar over 25 år stemmerett, saman med foreldra til elevane. Krinsmøtet hadde rett til å uttale seg om og gjera vedtak i saker som gjaldt skulen.

Ordninga med tilsynsutval og krinsmøte vart stadfesta av skulelovene av 1936 og 1959. Frå 1959 vart det obligatorisk med lærarråd på skulane.

Arkivmateriale frå skular og krinsar omfattr nokre få seriar:

Skuleprotokollen var frå starten av ført av læraren i eit skuledistrikt og omfatta rodene i distriktet. Seinare vart protokollen ført for ein eller flere klassar i kvar krins.

Skuleprotokollen inneheld opplysningar om elevane sine karakterar og frammøte på skulen. Andre tidlege namn på skuleprotokollen er "hovedbog" og "extraxtprotokol". I nokre tilfelle kan skuleprotokollen også innehalda inventarliste for skulen.

Opphавеleg registrerte læraren løpande fråver i skuleprotokollen, men denne funksjonen vart mot slutten av 1800-talet overtatt av *dagboka* - seinare *klassedagboka*. Denne inneheld berre opplysningar om elevane sitt framøte/fråver og eventuelle opplysningar om årsak til fråver. *Avgangskarakterprotokollar* - eller eksamensprotokollar - vart ofte ført felles for heile skulekommunen.

Møteboka til tilsynsutval og krinsmøte vart ført frå 1889, og stundom har same protokollen vore i bruk til ut på 1970-talet.

I arkivet etter barneskulane i Austevoll vil der finnast nokre møtebøker, skuleprotokollar og dagbøker frå skular som fram til 1964 låg under Fitjar skulestyre. Protokollane er vorte nytta vidare etter 1964, og er no innlemma i arkivet til Austevoll. I arkivet etter barneskulane i Austevoll er det registrert fylgjande materiale:

Serie	Innhald	Tidsrom
Aa. 1 - 9	Møtebøker for tilsynsutval / samarbeidsutval	1890 - 1972
Fa. 1 - 30	Skuleprotokollar	1863 - 1969
Fb. 1 - 7	Karakterprotokollar	1901 - 1969
Ga. 1 - 38	Dagbøker	1863 - 1974
Ha. 1 - 6	Avgangsvitnemålprotokollar	1893 - 1969
Ia. 1	Inventarprotokoll	1971
Ja. 1	Idrottsmerke v/Drivanes skule	1960 - 1968
Ra. 1	Tilvisningsprotokoll	1969 - 1970

2.9 311 FATTIGKOMMISJON, FATTIGSTYRE, FORSORGSTYRE, SOSIALSTYRE

I tida 1741 -1790 vart det oppretta fattigkommisjonar i kvart stift. "Anordningen om Fattigvæsenet i Bergen stift", av 1755, oppretta ein **overkommisjon** og **soknekommisjonar** i kvart sokn. Kommisjonane hadde to hovudoppgåver: å sørge for at dei rette almisselemmene (sjuke, gamle og dei som ikkje kunne klare seg sjølv) fekk hjelp, og å straffa "late og ørkesløse betlere samt andre omstreifende egenrådige og udydige mennesker".

Soknekommisjonen var samansett av presten, ev. kapellanen, lensmannen, presten sine medhjelpere og etter soknepresten sitt forslag - "af fogden beskikkede 2 sognemænd." Ved kvart års utgang skulle dei senda forståelege rekneskap til overkommisjonen i Bergen, saman med opplysningar om fattigvesenet. Dei fattige skulle halda seg i sitt eige sokn. Sokne-kommisjonen skulle dela dei almisseverdige inn i legder hos bøndene slik at dei fekk mat, drikke og husvære. Friske barn og vaksne skulle vera med i arbeidet på garden. Dei som ikkje var bønder, skulle i staden betala pengar til fattigkassa. Til å halda sokna rydda for tiggerar og omstreiferar skulle soknekommisjonen oppnemna to bygdevektarar.

I 1816 - kom truleg endring i samansetninga: dei "af fogden beskikkede 2 sognemænd" vart erstatta av valgmenn.

Formannskapslovene av **1837** oppretta det såkalte kombinerte formannskap, eller fattigformannskapet. Formannskapet fekk frå no ansvaret for **fattigkommisjonen**. **Fattig-kommunen** skulle antan tilsvare *soknet* som før 1837, eller heile formannskapsdistriktet. Når fattigsaker skulle handsamast, møtte fattigkommisjonen med unntak av dei folkevalde medlemene saman med formannskapet - ev. formennene frå det aktuelle soknet.

Ved **fattiglovene** av **1845** forsvant overkommisjonane. På landet skulle fattig-kommisjonen bestå av presten som ordførar, og så mange valgte medlemmer som formennene og kommunestyret bestemte. Dei viktigast oppgåvene var å setja opp budsjett og bestemma kven som skulle få kva slags støtte. Kommisjonen hadde rett til å fastsetja avgiftene på brennevin, vin og øl. Formenn og kommunestyret skulle saman med fattigkommisjonen dela fattigkommunen opp i underdistrikt og roder. Fattigkommisjonen skulle peika ut ein tilsynsman for fattigkommunen og ein rodemeistar for kvar rode. Om naudsynt kunne dei og tilsetja fattigvektre/bygdevektre. Dei fattige blei inndelt i tre klassar: 1) dei som ikkje kunne arbeida. 2) barn. 3) dei som delvis kunne syte for seg sjølv og familien. Fattigkommisjonen skulle ha ein *forhandlingsprotokoll*, *kopibok* for utgåande brev og *brevjournal*. Kommisjonen kunne og føre *manntallsprotokoll over fattiglemmer* og *legdsprotokollar/legdsrullar*.

I **landsfattiglova** av **1863** var ikkje lenger presten sjølvkriven formann i fattig-kommisjonen, men var framleis medlem. Fattigkommisjonen skulle laga framlegg til budsjett som skulle godkjennast av kommunestyret, m.a. størrelsen på **fattigkassa**. Manntalls-protokollar over fattiglemmer blei påbudt. Dei som ikkje tente tilstrekkeleg til eige eller familiens underhold kunne plasserast på fattiggardar.

Fattigloven av **19.5.1900**, gjaldt både by og land. For fattigforsorgen og kretstilsynet skulle det utarbeidast eigne planar som departementet skulle godkjenne. Skillet mellom dei ulike fattigklassane fall bort. "*Fortegnelse over understøttede Trængende*", som erstatta manntallsprotokollane blei påbudt. I følgje 1900-lova skulle det nyttast trykte skjema til hjemstamnsforklaringer. Attestane som innflytterane brakte med seg skulle vere utstedt av lensmannen. Legdsordninga fall no endeleg bort.

Dei som mottok støtte frå fattigkassa mista ein del samfunnsretar: mellom anna fekk dei ikkje stemmerett før i 1919.

Ved lov av **1948** endra fattigstyre namn til **forsorgsstyre**. Nyorganisering ved lov om sosial omsorg av **5.6.1964** - gjaldt både by og land - vart forsorgsstyret no til **sosialstyret**.

Rekneskapet for fattigkassen er som oftaste arkivert hjå heradskassen.

Arkivet etter Austevoll viser at det var eigne fattigstyre i soknene Møkster og Austevoll. I arkivet etter fattigstyra i Austevoll kommune er det registrert fylgjande:

Serie	Innhald	Tidsrom
Aa. 1- 2	Møtebøker, Austevoll- og Møkster fattigstyre	1846 - 1963
Ba. 1 - 2	Kopibøker	1923 - 1963
Ca. 1 - 6	Brevjournalar	1911 - 1959
Daa. 1	Møkster sokn fattigstyre, korrespondanse	1876 - 1941
Dab. 1	Austevoll sokn fattigstyre, korrespondanse	1871 - 1947
Fa. 1	Fortegnelse over trengende	1900 - 1931
Ra. 1 - 4	Tilvisningsbøker	1905 - 1964
Sa. 1 - 2	Statistikk. Fattigforklaringar	1855 - 1940
Sb. 1 - 2	Fattigstatistikk for Norge	1867 - 1893
Ya. 1	Rundskriv og meldingar	1872 - 1939

2.10 351 TILSYNSMANNEN FOR RIKSFORSIKRINGSANSTALTEN

Lov om ulukkestrygning for arbeidere i fabrikkar (ulykkesforsikringslova) var av 23.07.1894.

Til å administrera lova sentralt oppretta staten i 1895 Riksforsikringsanstalten, og påla kommunen å oppnemne ein eller fleire tilsynsmenn, som skulle ta seg av Riksforsikringsanstalten sine gjeremål lokalt, og skaffa til veges opplysningar som var naudsynte for sakshandsaminga sentralt. Kommunen fastsette godtgjersle til tilsynsmannen, som vart delt halvt om halvt mellom kommunen og Riksforsikringsanstaltningen.

I tillegg til industriarbeidarforsikringa, fekk tilsynsmannen ansvaret for å administrere ulykkestrygdene for fiskarar (lov av 07.11.1908) og sjøfolk (lov av 18.08.1911).

Lov av **17.07.1925** la opp til ei samordning av trygdeordningane.

Riksforsikringsanstalten kunne bestemme at forretningsføraren for krinssjukekassen skulle vera tilsynsmann for ulukkestrygdene, og skulle åleine dekkje utgiftene til tilsynsmannen.

Lov av 06.06.1930 fastsette at dei offentlege trygdekassane no tok over administrasjonen av ulukkestrygdene direkte underlagt Rikstrygdeverket (tidl. Riksforsikringsanstalten).

I arkiva etter Tilsynsmannen vil det finnast journal og kopibok og rekneskap over inn- og utbetalingar. Vidare sende tilsynsmannen inn opplysningar om bedriftene si verksemd, om arbeidsforhold og ulukker, til Riksforsikringsanstalten sin sentrale ledelse. Dette galdt også for ulukkestrygdingane for fiskarar og sjømenn.

I arkivet for Austevoll er det registrert fylgjande:

Serie	Innhald	Tidsrom
Rea. 1 - 11	Kassabøker	1932 – 1954

2.11 352 FISKARMANNTALSNEMNDA

Forskriftene til lov av **08.08.1908** om **ulukkestrygdene for fiskarar** bestemte at ei kommunalt nedsett nemnd skulle føra manntal over alle personar eldre enn 15 år som dreiv næring ved saltvassfiskeri eller ved fangst av dyr i havet, og som var ulukkestrygda. Nemnda bestemte kven som skulle takast opp i manntalet.

Det skulle førast to manntalslister, ei for dei trygdepliktige og ei for dei frivillige medlemene. Listene gjev opplysningar om den trygda sitt namn, bustad, kjønn, fødselsår, ektefelle, tal på born under 15 år, kvar vedkomande dreiv fiske eller fangt, arbeidsgjevaren, eventuell frivillig auke av trygdinga, betalt premie og eventuelle merknader.

Kommunekasseraren eller ein annan person tilsett av kommunestyret var manntalsførar. I manntalsnemnda skulle manntalsføraren og to av kommunestyrerepresentantane vera medlemer.

I arkivet for Austevoll er det registrert fylgjande:

Serie	Innhald	Tidsrom
Fa. 1 - 5	Fiskarmanntalet	1909 - 1951

2.12 353 KRINSSJUKEKASSEN (TRYGDEKASSEN)

Sjuketrygdelova av **18.09.1909** fastsette at det skulle opprettast ein eller fleire offentlege sjukekassar i kommunen. Krinssjukekassane skulle leiast av eit styre som var valt av og

mellom krinssjukekassen sine stemmeberettiga medlemmer, innskotspliktige arbeidsgjevarar og av kommunestyre. Plikt til å vera medlem av krinssjukekassen hadde først og fremst tilsette i privat og offentleg teneste når dei hadde fylt 15 år og ei viss inntekt. Friviljuge kunne også vera medlemmer. Manntalsførte fiskarar vart medlemmer ved lov av 25.06.1935. Generalforsamling skulle haldast kvart år.

Kommunestyre skulle tilsetja forretningsførar for krinssjukekassen. Krinssjukekassen var eit sjølvstendig rettssubjekt.

Ved lov av **6.08.1915** skulle kommunestyret velja alle medlemmane av styret. Forretningsføraren fekk rett til delta på styremøte og generalforsamling utan røysterett. Ved sjukestrygdelova av **6.06.1930** skifte krinssjukekassane namn til **trygdekassar**, og tok samstundes over administrasjon av ulukkestrygdene. Dei årlege generalforsamlingane vart avskaffa.

Trygdekassen fekk ansvaret for å administrera dei ulike trygdene som etter kvart vart oppretta. Lov av **2.03.1957** fastesette at sjukestrygda vart obligatorisk. Trygdekassen fekk også administrasjonsansvaret for alderstrygda og barnetrygda.

Lov av **17.06.1966** samordna dei ulike offentlege trygdeordningane i **folketrygda**.

Lov av **19.06.1970** overførte trygdekassen sine oppgåver til eit lokalt **statleg trygdekontor**.

Arkivet til krinssjukekassen vil innehalde møtebøker, journalar, kopibøker og korrespondanse etter styret og ankenemnda. Rekneskapsmaterialet utgjer hovudtyngda av trygdearkiva. Serleg inneheld kassa- og kontobøkene ei rekkje detaljerte opplysningar om innbetaling av premie og utbetaling av trygder. Etter kvart som trygdekassen overtok administrasjonen av dei fleste trygder, vil ein finna desse att som eigne rekneskapsprotokollar eller under eigne rubrikker i protokollane. Arbeidsgjevarprotokollane er ein viktig arkivserie. Desse protokollane er eit register over arbeidsgjevarane og tilsette trygdepliktige arbeidstakarar. Her finst opplysningar om arbeidstakarane sine inntektsklassar, risikoklassar, vekepremie og når dei vart innmeldte og utmeldte av trygdeordningane. Frå om lag 1950 er det dessutan ført ein eigen serie med bedriftsregister. Det er også premieprotokollar for frivillig trygding.

I arkivet for krinssjukekassen /trygdekassen i Austevoll er det registrert fylgjande:

Serie	Innhald	Tidsrom
Ba. 1	Kopibok for styret	1911 - 1916
Ca. 1 - 4	Brevjournalar	1911 - 1948
Da. 1	Kronologisk ordna korrespondanse	1911 - 1958
Fa. 1 - 6	Arbeidsgjevarprotokollar	1912 - 1943
Fb. 1 - 4	Restansebøker	1934 - 1960
Ga. 1 - 5	Premiebøker for frivillig trygding	1932 - 1962
Gb. 1	Registerbok for frivillige medlemmer	1954 - 1956
Ha. 1	Registerbok for forsikringspliktige personar	1911 - 1913
Ia. 1 - 4	Revisjonsprotokollar	1931 - 1962
Rba. 1 - 4	Statusbok	1912 - 1943
Rbb. 1 - 2	Balansebok	1912 - 1956
Rca. 1 - 8	Hovudbøker	1912 - 1960
Rda. 1 - 12	Reskontro	1933 - 1968
Rea. 1 - 35	Kassabøker	1912 - 1970
Reb. 1 - 6	Kassasamandrag	1933 - 1959
Rec. 1 - 5	Pensjonsprotokollar	1964 - 1970
Rf. 1 - 4	Bilag	1918 . 1926

355 BARNETRYGDNEMND

Kommunen kunne ha egne kommunale alderstrygdeordningar. Administrasjonen vart vanlegvis lagt til eit trygdestyre oppnemnt av kommunestyret. Staten gav ikkje støtte til dei kommunale trygdeordningane, og utgiftene måtte kvart år på vanleg måte bevilgast av kommunestyret.

Alderstrygdlova vart vedteken **16.07.1936**. I den enkelte kommune skulle det vere ei alderstrygdnemnd, der trygdestyret oppnemnte formannen og kommunestyret dei andre medlemene. Kommunestyret kunne bestemma at det skulle tilsetjast løna forretningsførar. Nemnda skulle leia administrasjonen av alderstrygda i kommunen og føra tilsyn med trygda. Alderstrygdlova av **6.07.1957** bestemte at trygdekassen fekk ansvaret for alderstrygda.

Barnetrygdlova av **24.10.1946** bestemte at alderstrygdnemnda også skulle vera barnetrygdnemnd. Frå **1957** fekk trygdekassen ansvaret for barnetrygda, til liks med alderstrygda.

I arkiva etter alders- og barnetrygdnemnda vil det finnast møtebøker, journalar, kopibøker og korrespondansesaker. Dei to nemndene førte sjølstendige protokollar, sjølv om dei hadde same styret. For alderstrygda vil det også finnast personmapper, ofte ornda etter nummer med alfabetisk register. Det vil finnast rekneskapsbøker på utbetalingar frå dei to nemndene.

I arkivet for Austevoll er det registrert følgjande:

354 Austevoll alderstrygdnemnd

Ra. 1	Kassa og postgirokonto	1946 - 1951
Rb. 1 - 2	Kontobøker	1937 - 1947

355 Austevoll barnetrygdnemnd

Aa. 1	Møtebok	1947 - 1958
Rc. 1 - 2	Kontobøker	1947 - 1958
Re. 1 - 2	Kassabøker	1946 - 1970

2.14 611 SMÅBRUK- OG BUSTADNEMND (ARBEIDSKOMITE)

612 HUSNEMND

Ved lov av **9.06.1903** vart **Den norske Stats Arbeiderbruk- og Boligbank** oppretta. Banken skulle styrast av Hypotekbanken sin direksjon. Banken sitt formål var å gi lån til for småkårsfolk for kjøp av småbruk og byggjing eller kjøp av bustadhus. Låna vart gjevne mot kommunal garanti.

Kommunestyret skulle oppnemne ein arbeidskomite til å vurdere lånesøknader for småbruk og ein arbeidkomite til å vurdere søknader om bustadlån. På landsbygda kunne komiteane slåast saman, og vart kalla **småbruk- og bustadnemnd**.

Tre av arbeidskomiteen sine medlemmer skulle halda takst over eigedomen. Lånesøknaden vart saman med komiteen sin uttalelse og takstforretning sendt kommunestyret, som avgjorde om det skulle gjevast kommunal garanti for lånet.

I **1915** vart Arbeiderbruk- og Boligbanken avløyst av **Den Norske Stats Småbruks- og Boligbank**. Småbruks- og bustadnemnda fungerte som før. Eit arbeidsutval av nemnda skulle synfara og taksera eigedomen det var søkt om lån for.

Ved lov av **30.10.1947** skifta banken namn til **Noregs Småbruk- og Bustadbank**, og på landsbygda fekk småbruks- og bustadnemnda dei same medlemene som jordstyret, men formannen i nemnda skulle vera oppnemnt av banken sitt styre.

Ved lov av **5.02.1965** om Statens Landbruksbank vart småbruk- og bustadnemndene erstatta med tillitsmenn valte av bankstyret. Samstundes endra banken namn til **Statens**

Landbruksbank.

Den Norske Stats Husbank vart oppretta ved lov av **1.03.1946**, og lånetilbodet frå den kom i tillegg til Småbruk- og Boligbanken sine tilbod. Kwart kommunestyre skulle velja ei **husnemnd**. Kommunestyret kunne bestemma at småbruks og bustadnemnda kunne fungera som husnemnd. Styret til Husbanken oppnemnde eiga takstnemnd

Arkiva etter småbruks- og bustadnemnda og husnemnda vil innehalda møtebøker, kopibøker, brevjournalar, korrespondanse og saksdokument. Vanlegvis finst det protokollar over lånetakarar, rekneskapsprotokollar over lån, lånemapper, planteikningar og diverse kartotek og register. Der er også egne protokollar med bruks- og bustadtakstar. I landskommunane kan huseikningar i desse arkiva vere den einaste dokumentasjonen av hus som vart bygd før bygningslova trådte i kraft i 1965.

I arkivet etter småbruk- og bustadnemnda i Austevoll er det registrert fylgjande:

Serie	Innhald	Tidsrom
Aa. 1	Møtebok	1947 – 1964

2.15 621 JORDSTYRET (NÆRINGSNEMNDA)

Lov av **2.04.1917** påla provianteringsråda - eller særskilte nemnder - å arbeida for at folk kunne leiga jord for å dyrke jordbruksprodukt til eige bruk. Provisorisk anordning av **10.01.1918** og midlertidig lov av **23.03.1918** bestemte at kommunestyra skulle velja ei eller fleire **næringsnemnder**, som skulle arbeida for å auka jordbruksproduksjonen i kommunen. Oppgåvene til nemnda var m.a. å gi innstilling til kommunen om avståing av jord som ikkje vart halden i hevd, slik at denne kunne leigast ut til private eller verta driven heilt eller delvis for kommunen si rekning, og gje pålegg om utleige av hestar til jordbrukarar som mangla trekkraft.

I arkiva etter næringsnemndene vil ein finne møtebøker og rekneskapsprotokollar. I arkiva etter provianteringsrådet vil det også finnast arkivmateriale etter arbeidet med å auka jordbruksproduksjonen.

Lov av **19.11.1920** fastsette at det i kvar kommune eller sokn skulle det veljast eit **jordstyre**, samansett av tre jordbrukskyndige medlemmer. Jordstyret skulle tilsetja ein eller fleire til å planleggja og kontrollera jorddyrkinga i kommunen.

Lov av **29.06.22** fastsette at ein av medlemene i jordstyret skulle vere bygningsskyndig.

Ved lov av **22.06.28 (jordlova)** vart talet på medlemmer i jordstyret utvida til fem. Lova fastsette at jordstyre skulle hjelpa kommune med å skaffa til veges jord for dei som søkte om dette, enten gjennom frivillig sal eller gjennom oreigning. Jordstyret kunne også gripa inn dersom jordbruket vart vanstelt. Jordstyret skulle også hjelpa dei jordsøkjande med ordning av den økonomiske delen av jordkjøpet.

Lov av **10.03.1938** presiserte at jordstyret skulle utarbeida plan for utnytting av dyrkingsjord, særleg med sikte på å utvida bruk som er for små og å leggja tilhøva til rette for bureising. Staten gav gjennom ymse fond lån og støtte til bureising og jorddyrking. Nye tilskotsordningar kom til etter kvart. Etter dei til ei kvar tid gjeldande reglar skulle jordstyret rå til søknader om tilskot for jorddyrking, gjødselkjellarar, potetkjellarar, silobygg, reparasjon av eldre driftsbygningar og våningshus, eller til nyoppføring av bygningar på bureisingsbruk o.s.v. Tilrådinga gjekk til landbrukselskapet i fylket, som avgjorde søknaden.

Det skulle også førast kontroll med ferdiggjering av arbeidet og utbetaling av løyvde tilskot.

Oppgåvene for jordstyret vart etter kvart så mange, at det i dei fleste landkommunar vart oppretta **jordstyrekontor** som skulle ta seg av dei daglege gjeremåla. Dette kontoret vart normalt leia av ein fastløna person som var jordbruksutdanna. Dette kunne vera ein jordstyresekretær eller heradsagronomen.

Heradsagronomen var tilsett i eit heradsagronomdistrikt, som kunne vera to eller tre kommunar. Han sorterte fagleg under landbruksselskapet, seinare landbrukssjefen i fylket, og var løna delvis av staten og delvis av herredsagronomdistriktet. Heradsagronomen skulle frå **1959** vere saksførebuar og fagleg konsulent for jordstyret.

Etter 1945 var det vanleg at jordstyre uttalte seg i konsesjonssaker.

Jordlova av **1955** erstatta lova av 1928. Etter den fekk jordstyret ein god del statlege oppgåver når det galdt å verna om den dyrka og dyrkbare jorda, og det som var mest gagnleg for samfunnet når det galdt tilrettelegging av jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til, og til beste for dei som har jordbruk som yrke.

Med verknad frå **1981** vart dei kommunale jordstyra sine oppgåver overtekne av **staten**. Jordstyrekontoret vart statleg, og fekk namnet **landbrukskontoret**, og jordstyret skifta namn til **landbruksnemnda**, som vart valt av kommunestyre.

I arkivet frå jordstyret vil i det i tidsrommet 1921 - 1980 finnast møtebøker, kopibøker, brevjournaler, korrespondanse, gards- og eigeomsarkiv, dyrkings- planar og protokollar, protokollar for dei ymse tilskota, daglister, tilvisningsbøker, rekneskapsbøker og bilag m.m.

I **1947** fekk småbruks- og bustadnemnda felles medlemmer med jordstyret, men formannen vart oppnemnt av banken. Såleis vil det ved arkivet etter jordstyrekontoret, også finnast arkiv etter småbruk- og bustadnemnda, som skulle handsama og tilrå lånesøknandane for Småbruk- og bustadbanken.

I arkivet etter jordstyret i Austevoll er det registrert fylgjande materiale:

Serie	Innhald	Tidsrom
Aa. 1 - 2	Møtebøker	1929 - 1971
Ca. 1 - 3	Brevjournalar	1952 - 1971
Fa. 1 - 7	Jorddyrking. Tilskot	1934 - 1965
Ga. 1	Siloanlegg. Tilskot	1956 - 1965
Ha. 1	Gjødselanlegg. Tilskot	1956 - 1965
Ia. 1	Dagliste. Kraftfor	1963 - 1965
Ra. 1 - 2	Rekneskap	1922 - 1945

2.16 625 SKOGUTVAL 626 SKOGRÅD

Skogervervelseslova av **18.09.1909** (konsesjonlov) fastsette at kvar kommune skulle ha eit **skogutval**. Oppgåva til utvalet var mellom anna å koma med berekningar av areal i oreigningssaker, og elles berekna størrelsen på skogarealet i kommunen og eigartilhøve. Ved tilleggslov til skogvernlova av **1916** kunne kommunen sjølv gjera vedtak om skogutvalet også skulle fungera som skogråd, eller om eige skogråd skulle opprettast. Skogutvalet skulle også fungera som jordutval etter provisorisk anordning av 14.08. 1917 om ervervelse av fast eigedom på landet.

Skogvernlova kom **20.07.1893**. Lova sa at det skulle vera eit oppsyn for kommunen og eit overoppsyn for fylket med Skogstyre (landbruksdept.) som øvste oppsynsmyndigheit for verning av skogen. Amtstinget skulle, etter framlegg frå Skogstyret, ta avgjersle om kva

kommune i amtet (fylket) det skulle utarbeidast vedtekter for verning av verneskog for. I vedtektene kunne det avgjerast at kommunestyret skulle velja eit **skogråd** på 3 medlemmer. Dette skulle føra det næraste oppsynet for kommunen med at skogvernlova vart gjennomført og overhalden. Det kom ny skogvernlov 08.08.1908 og tillegg til lova 07.06.1916. Skogvernlova av **12.02.1932** bestemt at det skulle opprettast skogråd i alle kommunar. Lova påla skogrådet å gje melding til overoppsynet, skogselskapet i fylket, om hogst av skog for sal eller industriell produksjon. Skogrådet skulle føra rekneskap over kulturavgifta som var lagt på skogvirke. Etter ny skogvernlov av **21.05.1965** kunne kommunestyre gjera vedtak om at skogrådet skulle fungera som **skogreisingsnemnd**.

I arkivet for Austevoll er det registrert følgjande materiale:

Serie	Innhald	Tidsrom
Aa. 1	Møtebok	1932 - 1943
Ga. 1	Dagbok	1965 - 1968
Fa. 1	Kontrollbok	1934 - 1947

2.17 812 OVERFORMYNDERI

Overformynderiet si oppgåve har vore å forvalta dei umyndige sine midlar. Dette gjeld både umyndige av år, umyndiggjorte og arvingar som er fråverande og difor ikkje kan overta og forvalta arven.

Overformynderiet på landsbygda går attende til 1770-åra og vart administrert av sorenskrivarane. Ved lov av **28.09.1857**, gjeldande frå 1859, vart overformynderiet gjort **kommunalt**. Eit overformynderidistrikt skulle normalt tilsvare eit tinglag, men kunne etter vedtak i dei formannskapa det gjaldt, tilsvare en kommune eller fleire tinglag. Slike endringar skulle godkjennast av amtmannen.

Sorenskrivaren og formannskapet, evt formannskapa, utnemnde to overformyndarar i kvart distrikt. Desse skulle utnemna verjer saman med sorenskrivaren. Verjene skulle forvalta myndlingane sin kapital under kontroll av overformyndarane. Overformyndarane skulle årleg avleggja rekneskap over alle midlar som var under deira sitt ansvarsområde.

Ved lov av **22.04.1927** vart reglane om overformynderiet like for by og land. Det skulle no vera eit overformynderi i kvar kommune og overformyndarane skulle veljast av formannskapet.

I dei kommunale arkiva vil det finnast arkivmateriale etter overformynderiet etter 1859.

Arkiva vil vanlegvis innehalda møtebok, dagbok, kopibok, korrespondanse etter sakshandsaminga og overformynderruller: den store og den mindre rulle. Rullene inneheld fastlagde skjema for myndlingane med opplysningar om kapital og verje. Denne store rulle vart opphavleg ført når kapitalen var over 40 spd, den mindre rulle vart ført frå 1863 når kapitalen var mindre. Kvar verje skulle føre ei eiga verjebok, med opplysningar om si forvaltning av myndlingane sin kapital.

Det skulle vidare førast protokoll for panteobligasjonar. Frå 1897 skulle det førast protokoll for skifteutlegg til myndlingane, og frå 1929 protokoll for registrering av uskifta bu. Elles kan det finnast ymse register og rekneskapsbøker.

I arkivet etter overformynderiet i Austevoll er det registrert følgjande materiale:

Serie	Innhald	Tidsrom
Ca. 1	Brevjournal	1859 - 1959
Da. 1	Kronologisk ordna korrespondanse	1921 - 1971
Fa. 1	Stor rulle	1859 - 1964
Fb. 1	Mindre rulle	1901 - 1958

2.18 840 PROVIANTERINGSRÅD

Provianteringsråd vart oppretta som ei friviljug ordning frå august 1914. Lov av **26.07.1916** bestemte at det skulle vere provianteringsråd i alle kommunar, og i kgl res same dag vart råda sine oppgåver formulerte.

Provianteringsrådet skulle halda seg orientert om forsyningssituasjonen for matvarer, brensel, drivstoff, fôr og andre naudsynte varer. Vidare skulle råda syrgja for forsyninga av og byggja opp reservelager av desse varene. Rådet skulle føre kontroll med prisane og fastsetja maksimalprisar for norskproduserte matvarer og brensel. Provianteringsrådet skulle sjå til at forbrukarane fekk statssubsidierte varer til rimelege prisar og i høvelege mengder. Dette kunne gjerast gjennom oppretting av kommunale utsal eller ved avtalar med handelsmenn.

Frå **26.04.1918** vart priskontrollen overtatt av ei eiga kontrollnemnd. Frå same tidspunkt kunne det opprettast eigne nemnder for omsetning av fødevarer og brensel. Desse nemndene var valde av kommunestyret og underlagt provianteringsrådet.

Lov av **2.04.1917** påla provianteringsråda å arbeida for at folk kunne få leiga jord til dyrking av åker- og hagevekstar til eige bruk. Jfr. næringsnemnda. Provianteringsrådet sine medlemmer med ordføraren som formann, fungerte som teljestyre ved oppteljinga av korn- mjøl- og potetbeholdinga i landet 1.01.1916. Sidan vart det fleire teljingar.

Provianteringsråda skulle ha minst tre medlemmer, minst ei kvinne, og produsentar og forbrukarar skulle vera representert i rådet. Provianteringsråda skulle ha løna forretningsførar.

Etter **1923** vart provianteringsråda avvikla som statleg tiltak, men kunne halde fram som ei friviljug ordning.

I arkiva etter provianteringsrådet og dei ymse særnemndne vil det finnast møtebøker, brevjournaler, korrespondanse og rekneskapsprotokollar og bilag. Det kan også finnast ymse register og lagerprotokollar over rasjoneringskort og innkjøpt og rasjonert vare.

2.17 841 FORSYNINGSNEMND

Etter lov av **9.07.1939** vart det oppretta forsyningsnemnder i alle kommunar. Dei vart i stor grad organiserte på same måte som provianteringsråda, og fekk mange av dei same gjeremåla.

Kommunestyret kunne velja særnemnder til å ta seg av oppgåver som var lagt til forsyningsnemnda, som rasjoneringsnemnd, vedutval/brenselutval, kabelnemnd, skonemnder, oljenemnder o.l. Desse vart rekna som avdelingar av forsyningsnemnda.

Forsyningsnemnda skulle ha løna forretningsførar tilsett av kommunestyret, og om naudsynt andre løna funksjonærar.

Forsyningsnemnda skulle primært sikra forsyninga av dei mest naudsynte forbruksvarer til innbyggjarane. Funksjonen til nemnda kan delast inn slik:

- Skaffa tilgang på viktige varer og føre tilsyn med omsetning av varene
- Oversikt over lager og etablering av reservelager av viktige varer

- Rasjonering til husstandar, verksemdar og institusjonar
- Utdeling av rasjoneringskort og føring av daglister for kontroll med dette
- Teljingar av areal, jordbruksprodukt og varer hjå handlande

Arkivet etter forsyningsnemnda kan innehalde møtebøker, kopibøker, brevjournalar, korrespondanse og saksdokument, tilvisnings- og rekneskapsprotokollar. Meir tilfeldig vil det finnast husstandsregister, husdyrregister, leverandørregister, register over søknader om rasjoneringskort, daglister for utdeling av dei ymse rasjoneringskorta, og daglister for tildeling av ymse mengder av enkelte varesortar, kontrollrekneskap over utdelte rasjoneringskort, lagerprotokollar for inn- og uttak av ymse varesortar frå lagra, oversyn over teljingar av jordbruksprodukt, kontroll og rasjonering av jordbruksproduksjon og innberetningar til fylkesforsyningsnemnda.

Arkivet etter provianteringsrådet og forsyningsnemnda i Austevoll manglar. Det er berre registrert fylgjande:

Serie	Innhald	Tidsrom
Fa. 1 - 2	Dagbøker over bygg i arbeid	1962 - 1968

KAPITTEL 3: ARKIVLISTER

OVERSYNSLISTE

Nummer	Innhald	Tidsrom
VAL		
KODE:	011	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll valstyre	
Aa. 1 - 19	Møtebøker for røystestyra Stortingsval	1903 - 1973
Ab. 1 - 19	Møtebøker for røystestyra Kommuneval	1931 - 1975
SENTRALADMINISTRASJON		
KODE:	021	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll formannskap	
Aa. 1 - 15	Møtebøker for formannskap og heradsstyre	1886 - 1976
Ab. 1- 2	Møtebøker for Møkster soknestyre	1910 - 1951
Ac. 1	Møtebok for Austevoll soknestyre	1940 - 1951
Ad. 1	Kommunale nemnder	1927 - 1956
Ba. 1 - 2	Kopibøker	1837 - 1934
Bb. 1	Sakspapir til kommunestyremøte	1968 - 1971
Ca. 1 - 4	Brevjournalar	1884 - 1974
Cb. 1 - 3	Journalkort	1976 - 1982
Da. 1 - 12	Kronologisk ordna korrespondanse	1886 - 1938
Db. 1 - 2	Korrespondanse Austevoll soknekommune	1934 - 1939
Dc. 1	Korrespondanse Møkster soknekommune	1935 - 1938
Dd. 1	Ordførarens handarkiv	1956 - 1963
Ea. 1 - 43	Pakkesaker. Emneordna korrespondanse	1901 - 1974
Fa. 1 - 13	Saksarkiv ordna err NKS arkivnøkkel	1938 - 1969
Fb. 1 - 78	Saksarkiv ordna etter kontoplan som arkivnøkkel	1930 - 1979
Ga. 1	Byggenemnda for Eidsbøen ungdomsskule	1969 - 1972
Ra. 1	Kommunerekneskap	1967 - 1976
Rb. 1 - 6	Tilvisningsbøker for Austevoll kommune	1920 - 1959
Rc. 1 - 3	Tilvisningsbøker for Møkster soknekommune	1905 - 1951
Rd. 1	Tilvisningsbok for Austevoll soknekommune	1937 - 1951
Sa. 1	Statistikkar	1896 - 1923
Ua. 1	Teikningar, Austevoll og Møkster kyrkjer	1890
Øa. 1- 2	Diverse	1952 - 1960

PLANLEGGING OG ØKONOMI

KODE:	121	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll heradskasse	
Ca. 1 - 2	Journalar	1906 - 1943
Fca. 1 - 4	Restanselister for skatt	1924 - 1967
Raa. 1 - 7	Årsrekneskap m/bilag	1886 - 1946
Rab. 1	Rekneskapsprotokoll	1886 - 1938
Rba. 1 - 2	Oppgjer- og statusbok	1963 - 1966
Rca. 1	Hovudbok	1936 - 1942
Rea. 1 - 3	Kassajournal / memorial	1935 - 1943
Reb. 1 - 3	Kassabok for veganlegg Bjellandshalsen-Vassnes	1937 - 1963

KODE:	122	
ARKIVSKAPAR:	Møkster soknekommunekasse	
Ffa. 1 - 2	Skattelister	1855 - 1949
Raa. 1 - 7	Årsrekneskap m/bilag	1860 - 1938
Rab. 1 - 3	Rekneskapsbøker	1891 - 1936
Rea. 1 - 4	Kassedagbøker	1908 - 1939

KODE:	122.1	
ARKIVSKAPAR:	Møkster sokn skulekasse	
Raa. 1 - 9	Årsrekneskap m/bilag	1858 - 1937
Rab. 1	Rekneskapsbok	1873 - 1936

KODE:	122.2	
ARKIVSKAPAR:	Møkster sokn fattigkasse	
Raa. 1 - 8	Årsrekneskap m/bilag	1858 - 1936
Rab. 1 - 2	Rekneskapsbøker	1843 - 1936
Rda. 1	Reskontrobok	1936 - 1938

KODE:	122.3	
ARKIVSKAPAR:	Møkster sokn kyrkjekasse	
Raa. 1 - 6	Årsrekenskap m/bilag	1860 - 1936
Rda. 1	Reskontrobok	1864 - 1936

KODE:	122.4	
ARKIVSKAPAR:	Møkster sokn vegkasse	
Raa. 1 - 2	Rekneskapsbøker	1916 - 1961

KODE:	123	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll soknekommunekasse	
Fcc. 1	Reskontrobok for innbetalt skatt	1920 - 1923
Ffa. 1	Skattelister og restansar	1860 - 1904
Raa. 1 - 3	Årsrekneskap m/bilag	1859 - 1935
Rba. 1	Oppgjer- og statusbok	1949 - 1950

Rca. 1	Hovudbok	1936 - 1943
Rea. 1 - 2	Kassabøker	1918 - 1929
Reb. 1	Tilvisningsbok	1936 - 1942

KODE:	123.1	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll sokn skulekasse	
Raa. 1 - 6	Årsrekneskap m/bilag	1859 - 1935

KODE:	123.2	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll sokn fattigkasse	
Raa. 1 - 5	Årsrekneskap m/bilag	1859 - 1937
Rab. 1	Rekneskapsbok	1844 - 1919

KODE:	123.3	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll sokn kyrkjekasse	
Raa. 1 - 3	Årsrekneskap m/bilag	1860 - 1935

KODE:	141	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll likningskontor	
Fa. 1 - 14	Skattelister over utlikna skatt	1954 - 1965

KODE:	142	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll likningskommisjon/likningsnemnd	
Ba. 1	Kopibok	1898 - 1943
Ca. 1	Brevjournal	1899 - 1943
Da. 1	Kronologisk ordna korespondanse	1944 - 1956
Fa. 1 - 2	Likningsprotokollar, utlikna skatt	1892 - 1902
Ga. 1 - 3	Avskrivingsprotokollar, motorbåtar	1947 - 1965
Gb. 1	Avskrivingsprotokoll, notbruk m.m.	1949 - 1965

KODE:	142.1	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll sokn likningsnemnd	
Aa. 1 - 2	Møtebøker	1902 - 1943
Ab. 1	Møtebok for likningsrådet	1939 - 1957
Fa. 1 - 9	Likningsprotokollar, utlikna skatt	1867 - 1954
Fb. 1 - 3	Likningsprotokollar, statsskatt	1894 - 1949

KODE:	142.2	
ARKIVSKAPAR:	Møkster sokn likningsnemnd	
Aa. 1 - 3	Møtebøker	1901 - 1956
Ab. 1 - 3	Møtebøker for likningsrådet	1930 - 1951
Ba. 1	Kopibok	1901 - 1930
Ca. 1	Brevjournal	1901 - 1924
Da. 1 - 2	Kronologisk ordna korrespondanse	1914 - 1963
Fa. 1 - 10	Likningsprotokollar, utlikna skatt	1865 - 1954
Fb. 1 - 4	Likningsprotokollar, statsskatt	1901 - 1952

UNDERVISNING

KODE:	211	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll skulestyre	
Aa. 1 - 6	Møtebøker	1878 - 1969
Ab. 1	Møtebok Austevoll skuleråd	1961 - 1986
Ac. 1	Møtebok Arbeidsutvalet for Austevoll skulestyre	1972 - 1986
Ad. 1	Møtebok Eksamensnemnda	1964 - 1970
Ba. 1 a - 1	Kopibøker	1890 - 1970
Ca. 1 - 12	Brevjournalar	1921 - 1970
Da. 1	Kronologisk ordna korrespondanse	1885 - 1917
Ra. 1 - 10	Tilvisningsbøker	1907 - 1966

KODE:	217	
ARKIVSKAPAR:	Samstyre for skuleboksamlingane	
Da. 1	Kronologisk ordna skriv og meldingar	1937 - 1963
Fa. 1 - 5	Protokollar	1934 - 1971

KODE:	231	
ARKIVSKAPAR:	Barneskulane i Austevoll kommune	
Aa. 1 - 10	Møtebøker for tilsynsutval / samarbeidsutval	1890 - 1972
Fa. 1 - 30	Skuleprotokollar	1863 - 1970
Fb. 1 - 7	Karakterprotokollar	1901 - 1969
Ga. 1 - 38	Dagbøker	1863 - 1973
Ha. 1 - 6	Avgangsvitnemålprotokollar	1893 - 1969
Ia. 1	Inventarprotokoll	1971
Ja. 1	Idrottsmerke v/Drivanes skule	1960 - 1968
Ra. 1	Tilvisningsprotokoll Austevoll ungd.skule	1969 - 1970

KODE:	261	
ARKIVSKAPAR:	Framhaldsskulen i Austevoll kommune	
Fa. 1 - 2	Skuleprotokoll	1961 - 1970
Ga. 1 - 3	Dagbok	1960 - 1972

KODE:	263	
ARKIVSKAPAR:	Yrkesskuleklassane i Austevoll	
Ra. 1	Tilvisningsbok	1973

KODE:	265	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll kommunale realskule	
Fa. 1 - 5	Karakterprotokollar	1944 - 1970
Ga. 1	Eksamensprotokoll	1959 - 1971
Ra. 1 - 2	Rekneskapsbøker	1944 - 1957

KODE:	275	
ARKIVSKAPAR:	Austevoll folkeboksamling	
Da. 1	Kronologisk ordna skriv og meldingar	1953 - 1966
Fa. 1 - 9	Tilvekstprotokoll	1949 - 1982
Fb. 1	Protokoll over utlån	1950 - 1974

Ra. 1 - 2 Rekneskap og årsmeldingar 1950 - 1971

SOSIALE OPPGÅVER

KODE: 311
ARKIVSKAPAR: Austevoll fattigstyre, soknene Austevoll og Møkster

Aa. 1- 2	Møtebøker, Austevoll- og Møkster fattigstyre	1846 - 1963
Ba. 1 - 2	Kopibøker	1923 - 1963
Ca. 1 - 6	Brevjournalar	1911 - 1959
Daa. 1	Møkster sokn fattigstyre, korrespondanse	1876 - 1941
Dab. 1	Austevoll sokn fattigstyre, korrespondanse	1871 - 1947
Fa. 1	Fortegnelse over trengende	1900 - 1931
Ra. 1 - 4	Tilvisningsbøker	1905 - 1964
Sa. 1 - 2	Statistikk. Fattigforklaringar	1855 - 1940
Sb. 1 - 2	Fattigstatistikk for Norge	1867 - 1893
Ya. 1	Rundskriv og meldingar	1872 - 1939

KODE: 317
ARKIVSKAPAR: Austevoll husmorvikarnemnd

Da. 1	Kronologisk ordna korrespondanse	1949 - 1958
-------	----------------------------------	-------------

KODE: 351
ARKIVSKAPAR: Tilsyns mannen for rikstrygdeverket

Rea. 1 - 11	Kassabøker	1932 - 1954
-------------	------------	-------------

KODE: 352
ARKIVSKAPAR: Austevoll fiskarmanntalsnemnd

Fa. 1 - 5	Fiskarmanntalet	1909 - 1951
-----------	-----------------	-------------

KODE: 353
ARKIVSKAPAR: Austevoll krinssjukekassee / trygdekasse

Ba. 1	Kopibok for styret	1911 - 1916
Ca. 1 - 4	Brevjournalar	1911 - 1948
Da. 1	Kronologisk ordna korrespondanse	1911 - 1958
Fa. 1 - 6	Arbeidsgjevarprotokollar	1912 - 1943
Fb. 1 - 4	Restansebøker	1934 - 1960
Ga. 1 - 5	Premiebøker for frivillig trygding	1932 - 1962
Gb. 1	Registerbok for frivillige medlemmer	1954 - 1956
Ha. 1	Registerbok for forsikringspliktige personar	1911 - 1913
Ia. 1 - 4	Revisjonsprotokollar	1931 - 1962
Rba. 1 - 4	Statusbok	1912 - 1943
Rbb. 1 - 2	Balansbok	1912 - 1956
Rca. 1 - 8	Hovudbøker	1912 - 1960
Rda. 1 - 12	Reskontro	1933 - 1968
Rea. 1 - 35	Kassabøker	1912 - 1970
Reb. 1 - 6	Kassasamandrag	1933 - 1959
Rec. 1 - 5	Pensjonsprotokollar	1964 - 1970

Rf. 1 - 4 Bilag 1918 . 1926

KODE: **354**
ARKIVSKAPAR: **Austevoll alderstrygdnemnd**
 Ra. 1 Kassa og postgirokonto 1946 - 1951
 Rb. 1 - 2 Kontobøker 1937 - 1947

KODE: **355**
ARKIVSKAPAR: **Austevoll barnetrygdnemnd**
